

Stryn kommune

2019

## Kommunedelplan for Oppstryn - Konsekvensutgreiing med ROS-analyse



Planstrategi

Samfunnsdel

Handlingsdel/Økonomiplan

Arealdel

Kommunedelplan

# INNHALD

|   |           |
|---|-----------|
| <b>1. Risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS-analyse)</b>                          | <b>4</b>  |
| 1.1. Innleiing  | 4         |
| 1.2. Heilskapleg ROS-analyse for Stryn kommune                                | 4         |
| 1.3. Avgrensing av analysen   | 4         |
| 1.4. Risiko for moglege hendingar   | 5         |
| 1.4.1. Snøskred, steinsprang og jord- og flaumskred                           | 5         |
| 1.4.2. Flaum  | 5         |
| 1.4.3. Overvatn   | 6         |
| 1.4.4. Skog og lyngbrann  | 6         |
| 1.4.5. Vind   | 6         |
| 1.4.6. Sårbar flora og fauna  | 6         |
| 1.4.7. Verneområde  | 7         |
| 1.4.8. Vassdragsområde  | 7         |
| 1.4.9. Kulturminne/-miljø   | 8         |
| 1.4.10. Ureining  | 10        |
| 1.4.11. Høgspenliner  | 10        |
| 1.4.12. Utrykkinskøyretøy og slokkevasskapasitet                              | 10        |
| 1.4.13. Vatn med fare for usikker is  | 10        |
| 1.4.14. Terrengformasjonar som utgjær spesielle fare                          | 10        |
| <b>2. Konsekvensutgreiing med ROS-analyse</b>                                 | <b>11</b> |
| 2.1. Innleiing  | 11        |
| 2.2. Metode   | 11        |
| 2.2.1. Verdivurdering   | 11        |
| 2.2.2. Omfangsvurdering   | 11        |
| 2.2.3. Konsekvensvurdering  | 11        |
| 2.3. Utgreiingstema   | 12        |
| 2.4. Kunnskapsgrunnlaget  | 13        |
| 2.5. Utgreiingar i planområdet  | 15        |
| 2.5.1. Tettstadsprosjekt på Hjelle  | 15        |
| 2.5.2. Grøn energi til Tystigen   | 15        |
| 2.5.3. Klimavenleg arealplanlegging   | 15        |
| 2.6. Konsekvensutgreiing av planlagde byggeområde                             | 15        |
| 2.6.1. KU: Flo – LNF med spreidd næringsbusetnad LSN401 og Parkering          | 16        |
| 2.6.2. KU: Flo – Bustadområde B401  | 19        |
| 2.6.3. KU: Veslebygda – Bustadområde/Fritids- og turistføremål KB401          | 22        |
| 2.6.4. KU: Veslebygda – Fritids- og turistføremål FT402                       | 25        |
| 2.6.5. KU: Mindresunde – Fritidsbustader F403                                 | 28        |
| 2.6.5.1. KU: Gang- og sykkelveg/Turveg frå Storesunde til Mindresunde camping | 31        |
| 2.6.6. KU: Meland – Fritids- og turistføremål FT405                           | 34        |
| 2.6.7. KU: Gang- og sykkelveg frå Meland til Fosnes                           | 37        |
| 2.6.8. KU: Tunold - Fritidsbustader F404                                      | 41        |
| 2.6.9. KU: Tunold - Bustadområde B403   | 44        |
| 2.6.10. KU: Sandvik nord - Bustadområde B404                                  | 47        |
| 2.6.11. KU: Sandvik sør - Bustadområde B405                                   | 50        |
| 2.6.12. KU: Fosnes – Bustadområde B408  | 53        |
| 2.6.13. KU: Solbakken – Bustadområde B413                                     | 56        |
| 2.6.14. KU: Gang- og sykkelveg frå Fosnes til Grande                          | 59        |

|   |           |
|---|-----------|
| 2.6.15.KU: Gang- og sykkelveg frå Hjelle til Grov     | 62        |
| 2.6.16.KU: Tystigen – Utviding av idrettsområde ID403 | 65        |
| 2.6.17.KU: Tystigen – Småkraftverk E401               | 68        |
| 2.6.18.KU: Hogane aust (Guddal) – Bustadområde B425   | 71        |
| 2.6.19.KU: Hogane vest (Guddal) – Bustadområde B426   | 74        |
| <b>3. Konsekvensar av planframlegget</b>              | <b>77</b> |
| 3.1. Samla konsekvensar                               | 77        |
| 3.2. Vurderingar i høve naturmangfaldlova             | 78        |

# **1. RISIKO- OG SÅRBARHEITSANALYSE (ROS-ANALYSE)**

## **1.1. INNLEIING**

Kommunen som planmynde har ansvar for at samfunnstryggleiken vert ivareteken i planar etter plan- og bygningslova. Det skal takast omsyn til risiko og sårbarheit som kan true liv, helse, miljø, viktig infrastruktur og materielle verdiar.

## **1.2. HEILSKAPLEG ROS-ANALYSE FOR STRYN KOMMUNE**

Heilskapleg ROS for Stryn og Hornindal kommunar vart utarbeidd i 2014 og vedteken i 2015. Den gjev mellom anna oversikt over risikoar som må takast omsyn til i overordna plan. I dokumentet er Oppstryn nemnt som område som er utsett for eit mangfald av skred.

Snø og sørpeskred frå Sunndøla er spesielt nemnt. Flostranda (og Hjellestranda) er utsett for steinsprang og steinskred. Langs riksveg 15 på sørsida av Oppstrynsvatnet har det fleire gongar gått flaumskred over vegen ved store nedbørsmengder. Isgang kan oppstå i Hjelledøla med fare for Oppstryn skule og barnehage.

Oppigardshyrna og Hjellehyrna er nemnde som døme på aktuelle område for fjellskred med flodbølge som konsekvens. NGI har vurdert faren for hendingar her som lite sannsynleg. Dette er difor ikkje teke omsyn til i planframlegget.

Skåre er eit av områda i kommunen som er spesielt utsett for kastevindar. I planområdet er Flovegen og rv 15 over Strynefjellet utsett for stenging pga uvær, ras og fare for ras.

Det er ikkje anlegg eller verksemder i området som utgjer risiko for store industriulukker eller akutt ureining.

## **1.3. AVGRENSING AV ANALYSEN**

Det er krav om ei risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) ved utarbeiding av planar for utbygging, jf. PBL § 4-3. Potensiell risiko og sårbarheit innafor planområdet skal identifiserast.

Kommunen har teke utgangspunkt i Sogn og Fjordane fylkeskommune si sjekklister for å velje ut hendingar som må analyserast vidare. Dei som ikkje er relevante for planen er ikkje teke med vidare. Det er nytta prosa i analysen, ikkje matrise.

I tillegg til ein overordna ROS-analyse for heile planområdet her, er det i tillegg ei sjekklister knytt til konsekvensutgreiingane for dei einskilde utbyggingsområda. Analysen skal femne om alle risiko- og sårbarheitstilhøve som er avgjerande for om eit areal er eigna til utbygging, og kva eventuelle tiltak som må gjennomførast for å oppnå akseptabel risiko.

## **1.4. RISIKO FOR MOGLEGE HENDINGAR**

### **1.4.1. SNØSKRED, STEINSPRANG OG JORD- OG FLAUMSKRED**

I tråd med NVE si tilråding er NGI sitt aktsemdkart for snøskred og steinsprang og aktsemdkart for jord- og flaumskred lagt inn som omsynssoner i plankartet. Det er krav om faresonekartlegging for tiltak som fell innanfor desse omsynssonene som syner potensiell ras- og skredfare, slik at ein får vurdert den reelle skredfaren.

Utanfor det som er kartlagt av NGI er ikkje aktsemdskart for snøskred, aktsemdskart for steinsprang og aktsemdskart for jord- og flaumskred lagt inn. Grunngevinga for dette er at omsynssoner skal i høve lova leggst inn i nødvendig utstrekning der det har betydning for bruken av areal. Då dette gjeld i hovudsak fjellområda kan ein ikkje sjå at dette er naudsynt.

I tillegg er det nytta detaljert faresonekartlegging som NGI har utarbeidd på vegne av NVE i utvalde område i Stryn kommune. Dette gjeld i hovudsak område med eksisterande busetnad som er utsett for ein viss skredfare. Desse faresonene er lagt inn i plankartet, med tilhøyrande føresegn. Det er i tillegg teke omsyn til faresonekartleggingar der grunneigarane er tiltakshavarar.

I dei generelle føresegnene er det lagt inn ei buffersone på 20 meter til kvar side av mindre elvar/bekkar. Dette vil i dei aller fleste tilfelle vere tilstrekkeleg for å hindre fare for erosjon, flaum og skredhendingar knytt til elva/bekken.

Her står det også at ved utbygging under marin grense skal eventuell fare for kvikkleire vurderast, og at i områder der leire blir påvist vert det stilt krav om sakkyndig geoteknisk undersøking før eventuell utbygging kan skje.

### **1.4.2. FLAUM**

Nedbørsmengda i Sogn og Fjordane er, etter middels framskriving i NVE sine prognosar, venta å auke med 14,2 % fram mot 2100 (NOU-Klima i Norge 2100). Det er venta at det blir fleire dagar med mykje nedbør, og at gjennomsnittleg nedbørmengd for desse dagane blir høgare i heile Norge og for alle årstider. Dermed kan flaumutsette område oftare bli råka av flaum.

Med bakgrunn i klimaendringar reknar ein med at flaumvassføringa i større vassdrag vil auke med meir enn 20 % dei neste 20 åra i høve dagens 200- års flaum. For Stryn er klimapåslaget sett til 40 %.

NGI har utarbeidd nye flaumsonkart for Stryn og Hjelle der klimapåslaget er innarbeidd. I tillegg er det teke omsyn til effektane av bølge- og vindoppstuving. Hovudmålet med flaumsonkartlegginga er å få eit betre grunnlag for arealplanlegging, byggjesakshandsaming og beredskap i område utsett for flaum, med mål om å førebyggje og redusere skadar som følgje av flaum. Den nye flaumsona for Oppstryn er lagt inn i plankartet som faresone.

Stryn kommune har søkt NVE om å starte arbeid med utgreiing og planlegging av tiltak for å sikre eksisterande busetnad og næringsområde mot skade som følgje av flaum frå Sunndøla på Folven.

### 1.4.3. OVERVATN

Med auka nedbørmengder og store nedbørmengder på kort tid aukar risiko for skader på grunn av overflatevatn. Alle nye utbyggingsområde er vurderte for temaet, og tiltak er gjort greie for.

### 1.4.4. SKOG OG LYNGBRANN

Klimaendringar med lengre tørkeperiodar kombinert med berr mark om vinteren /tidleg vår, har auka faren for lyng- og skogbrann. Vi har i seinare tid hatt to større brannar på grunn av lynnedslag og uvøren omgong med eld, ein av dei i Oppstryn.

### 1.4.5. VIND

Mellom 1992 og 2016 har vi hatt tre hendingar med orkanvarsel og orkan på Vestlandet. To av desse hendingane førte til skade på bygningar i planområdet. Skadene har skjedd på vindretning frå vest eller nordvest. NOU 2010: 10 seier at mykje tyder på at høge vindstyrkar kan bli hyppigare.

### 1.4.6. SÅRBAR FLORA OG FAUNA

Innanfor planområdet er det to område som er verna etter Naturvernlova/Naturmangfaldlova. Dette er Jostedalsbreen nasjonalpark og Flostranda naturreservat. Desse område er i kommunedelplanen bandlagde etter anna lovverk. Innanfor desse områda skal tiltak handsamast i tråd med forskriftene.

Biologisk mangfald vart kartlagt av Miljøfagleg Utredning i 2001 og 2002. Supplerande kartlegging vart gjennomført i 2009-2012. Innanfor planområdet vart det registrert 31 lokalitetar av naturtypar som er vurdert som svært viktige, viktige og lokalt viktige. I samband med kartlegging av potensielle edellauvskogar i Sogn og Fjordane for Miljødirektoratet i 2013 vart grensene for nokre av lokalitetane justerte. Det er lagt omsynssone på lokalitetane i planen, med unntak av Flostranda naturreservat der dei biologiske kvalitetane blir teke i vare gjennom forskrifta til verneområdet.

Nokre av desse har i tillegg status som utvald naturtype, som betyr at dei har ein særskilt sikring. Det er førebels 6 utvalde naturtyper i Noreg: Slåttemark, Slåttemyr, Hule eiker, Kalksjø, Kalklindskog og kystlynghei. Av desse er det slåttemark, slåttemyr og hule eiker ein kan finne i Stryn kommune.

| Områdenummer | Områdenamn                    | Viktig/Utvald naturtype     | Verdi         |
|--------------|-------------------------------|-----------------------------|---------------|
| BN00001978   | Flostranda naturreservat      | Rik edellauvskog            | Svært viktig  |
| BN00001979   | Ljåstad nord, Veslebygda      | Slåttemark                  | Viktig        |
| BN00001980   | Ljåstad vest, Veslebygda      | Naturbeitemark              | Lokalt viktig |
| BN00085117   | Eikenaurne-Kvitfjell          | Sørvendte berg og rasmarker | Viktig        |
| BN00085128   | Eikenes 1                     | Store gamle trær/Hule eiker | Viktig        |
| BN00002041   | Mindresunde                   | Mudderbank                  | Lokalt viktig |
| BN00099965   | Mindresunde 2                 | Store gamle trær/Hule eiker | Viktig        |
| BN00099909   | Mindresunde 1                 | Store gamle trær/Hule eiker | Viktig        |
| BN00085114   | Åremarka                      | Slåttemark                  | Viktig        |
| BN00001987   | Storsetra                     | Naturbeitemark              | Viktig        |
| BN00085137   | Hjellevonga                   | Slåttemark                  | Svært viktig  |
| BN00085129   | Sunndalslia                   | Høstingsskog                | Viktig        |
| BN00085103   | Sunndalen                     | Slåttemark                  | Svært viktig  |
| BN00002040   | Tverrelvfossen                | Fossesprøytsone             | Viktig        |
| BN00002036   | Hestegardshøgda,<br>Sunndalen | Gammel boreal lauvskog      | Viktig        |
| BN00001988   | Haugane, Hjelldalen           | Slåttemark (3 område)       | Viktig        |
| BN00002039   | Øvstebrufossen, Videdalen     | Fossesprøytsone             | Viktig        |

|            |                      |                            |               |
|------------|----------------------|----------------------------|---------------|
| BN00001996 | Ryggfonna, Grasdalen | Naturbeitemark             | Viktig        |
| BN00001995 | Sætreskaret          | Kalkrike områder i fjellet | Lokalt viktig |
| BN00001990 | Skjeringsdalsetra    | Naturbeitemark             | Viktig        |
| BN00085118 | Glærledet            | Kalkrike områder i fjellet | Viktig        |
| BN00002038 | Glera, Hjelledalen   | Fossesprøytsone            | Svært viktig  |
| BN00085110 | Jøl-bru, Åseledet    | Gammel boreal lauvskog     | Svært viktig  |
| BN00002037 | Skora - Hjelledalen  | Rik edellauvskog           | Viktig        |
| BN00085122 | Ytstegjerdane        | Rik sump- og kildeskog     | Svært viktig  |
| BN00002034 | Glomnesfossen        | Fossesprøytsone            | Svært viktig  |
| BN00085102 | Segestad-hagemark    | Hagemark                   | Viktig        |
| BN00085131 | Segestad-slåtteng    | Slåttemark                 | Lokalt viktig |
| BN00002035 | Felåna aust          | Rik edellauvskog           | Svært viktig  |

Strynevasdraget er eit nasjonalt laksevasdrag, jf. St.prp. nr.32 (2006-2007) Om vern av villaksen. Laksestammene i slike vassdrag er vurdert som spesielt viktige å ta vare på i all type planlegging. Planområdet omfattar fleire område som er definert som inngrepsfrie naturområde (INON). Planområdet Oppstryn inneheld ein uvanleg høg prosent av slike område, fordelt på Tystigen-Kamperhamrane og Jostedalsbreen i sør og eit mindre område innerst i Glomsdalen. Det er ikkje lagt inn nye utbyggingsområde som vil redusere INON-områda.

Viktigaste omsynsart i viltkartlegginga for området er villreinen. Ottadalen villreinområde har fått status som nasjonalt villreinområde. Viktige deler av dette leveområdet finn ein i området Kamperhamrane og Langvasseggi-Ospelihyrna-Grasdalen.

#### **1.4.7. VERNEOMRÅDE**

To område innanfor planområdet er verna etter lov om naturvern. Det eine er Flostranda naturreservat, med føremål å ta vare på eit edellauvskogsområde. Det andre er Jostedalsbreen nasjonalpark, som omfattar den største isbreen på Nord-Europas fastland.

Verneområda har bandleggingssone, bandlagde etter anna lovverk - her naturvernlova, i planen. Forskriftene for dei einskilde verneområda er førande ved sakshandsaming.

#### **1.4.8. VASSDRAGSOMRÅDE**

Strynevasdraget vart varig verna mot kraftutbygging i verneplan I. Kommunedelplan for differensiert forvaltning av Stryne-, Loen- og Oldenvassdraget vart utarbeidd i 1999. Planen er i samsvar med rikspolitiske retningsliner for verna vassdrag, som mellom anna seier at ein skal legge særleg vekt på at inngrep ikkje skadar opplevinga av vassdraget, kulturminne og tilhøve for friluftsliv.

Alle myndigheiter som avgjer inngrep og tiltak har ansvar for å følgje opp vassdragsvernet og dei nasjonale måla som er gjevne i rikspolitiske retningsliner for verna vassdrag. Stryn kommune har vurdert nye område for utbygging konkret opp mot kommunedelplanen.

## 1.4.9. KULTURMINNE/-MILJØ

### Automatisk freda kulturminne

Dei automatisk freda kulturminna har bandleggingssone, bandlagt etter anna lovverk – her kulturminnelova, i planen. Id-nummeret er henta frå Kulturminnesøk;

|             |  |
|-------------|--|
| ID 180517:  | Lok. 1 Storesunde, bosetningsspor                                    |
| ID 180518:  | Lok. 2 Storesunde, bosetningsspor                                    |
| ID 180519:  | Lok. 3 Storesunde, bosetningsspor                                    |
| ID 6047-1   | Mindresunde, gravrøys frå jernalder, på Seimeplassen                 |
| ID 45549-1  | Mindresunde, gravhaug frå jernalder                                  |
| ID 60607-1  | Dispaholmen, gravrøys frå jernalder                                  |
| ID 66497-1  | Langholmen, gravrøys frå yngre jernalder                             |
|             | Tunold, fallos (Dette kulturminnet ligg ikkje inne i kulturminnesøk) |
| ID 25 612-1 | Nibba, bautastein frå jernalder                                      |
| ID 223618-1 | Nesje, kyrkjestad frå middelalder                                    |
| ID 85231-1  | Oppstryn, kyrkjestad frå 1600-talet, tredje kvartal                  |
| ID 132140   | Greidung, hellar frå jernalder                                       |
| ID 132123   | Storesetra, hellar frå eldre jernalder                               |
| ID 132126   | Storesetra, hellar frå seinmiddelalder                               |
| ID 179928   | Storesetra, offerstein frå førreformatorisk tid                      |
| ID 55297    | Nos, Skålgropsteinfrå bronsealder-jernalder                          |
| ID 95319    | Hjelle, tuft frå yngre jernalder                                     |
| ID 115107   | Hjelle, gravhaug frå bronsealder – jernalder                         |
| ID 45544    | Bolstad, gravrøys frå jernalder                                      |
| ID 35517    | Grov, gravhaug frå jernalder   |
| ID 25609    | Grov, bautastein frå jernalder                                       |
| ID 179934   | Sunnhalen, kolgrop frå 1700-talet                                    |
| ID 132330   | Sunnhalen, rydningsrøys frå førreformatorisk tid                     |
| ID 180045   | Videdalen, hellar frå romertid                                       |
| ID 180043   | Videdalen, busetnadspor frå førreformatorisk tid                     |

### Gamle Strynefjellsvegen

Den gamle Strynefjellsvegen er omtala i nasjonal verneplan for vegar, bruer og vegrelaterte kulturminne. Den gamle Strynefjellsvegen er ein del av Strynefjellet vegmiljø, som er eit forskriftsfreda kulturmiljø. Føremålet er å bevare vegen sin plassering og forløp i terrenget, og omfattar heile vegen inklusive murar, sideterreng, stabbesteinar, stikkrenner og anna vegutstyr.

Det er i tillegg lagt omsynssone på utsiktspunktet ved Videfossen. Omsynssona omfattar turvegen fram til fossen, utsiktspunktet, samt ei sone rundt området. Utsiktspunktet som vart oppført i 1997 er klassifisert av fylkeskommunen som eit regionalt verdifullt kulturminne frå nyare tid.

### Andre gamle ferdseisvegar

Ferdseisvegen over Flofjellsvegen var i si tid ein viktig transportveg med hest mellom aust og vest før det etter kvart kom bilveg ned Strynedalen. Som teikn på dette var Vollset, som i dag ligg i Stranda kommune, tidlegare ein del av Stryn kommune.

Ferdseisvegen over Kamperhamrane er ein av dei eldste ferdseisvegane over fjellet mellom aust- og vest - Noreg. Ruta går frå garden Sunnhalen i Oppstryn, aust over fjellet og gjennom Raudalen til Skjåk i Ottadalen. Ruta går over det bratte fjellpartiet Kamperhamrane, der stien er oppmura i trappetrinn ved hjelp av naturstein. Stien over Kamperhamrane stod ferdig restaurert i 2014.

Det er lagt omsynssone på desse to driftevegane i planen.



## **Landskap**

Det er lagt omsynssone rundt Oppstryn Kyrkje, for å ivareta kyrkja sin plass i omgjevnadene. Oppstryn kyrkje er listeført, noko som betyr at den er definert som verneverdig.

For å ivareta gravhaugen på Hjelle i landskapet er det også lagt ei omsynssone her.

## **1000-årsminnet**

Garden Segestad er regulert til spesialområde bevaring av kulturminne. Segestad vart også stemt fram som 1000-årsminnet i kommunen ved århundreskiftet i samband med det nasjonale kulturminneåret i 1997. Segestad har også omsynssone i kommunedelplanen.

## **Andre bygningar og bygningsmiljø**

SEFRAK (Sekretariatet For Registrering Av Faste Kulturminne i Noreg) er eit landsdekkjande register over eldre bygningar og andre kulturminne. Ein del av desse er bygningar eldre enn år 1850, og er i følgje kulturminnelova § 25 meldepliktige ved riving/ombygging.

Dei SEFRAK-registrerte bygningane er i Stryn omfatta av kommunedelplanen for bygningsmiljø frå 2000, der ein i tillegg til sjølve registreringa såg på verneverdien og om dei var del av eit bygningsmiljø. «A- bygningar:» Stabbur Guddal, Sel Erdalsetra, Skulestove Rygg, Nystove øvste Rygg (til nedfalls) og kvennhus Nesje.

Dei mest bevaringsverdige kulturmiljøa har fått eit formelt vern ved at dei er tekne med i arealdelen i kommuneplanen. Følgjande er omfatta av omsynssone bevaring kulturmiljø i denne planen:

Kulturlandskap: Kvernhusmiljø Berge/Rygg og Haugane Hjelledalen

Stølsområde: Furesætra, Skorsætra, Storesætra (Erdalsætra), Sunndalssætra og Nos (Bolstadsætra)

Naustområde: Oppigardsnausta (Øvre-Flo), Furenausta og Brekkenausta

Bygningsmiljø: Gardstun Aaning, pakkbuda (Monsbuda) på Fosnes og bygningsmiljø på Hjelle

## **Mitt kulturminne**

Tematisk kommunedelplan for kulturminne vart vedteken i 2017. Hovuddelen av planen omfattar Mitt kulturminne. Felles for desse er at det er minst ein person i lokalsamfunnet som meiner at dette kulturminnet må vi ta vare på. 11 av desse ligg innafor kommunedelplanen for Oppstryn, der 6 er blitt vurdert til å ha stor verdi og som difor har fått omsynssone i planen:

Kasta til Skåra, laksenotkast på Mindresunde (M20 i kulturminneplanen)

Erdalstunet, gnr 21 bnr 2 i Erdalen (M8 i kulturminneplanen)

Erdal Skulehus (M7 i kulturminneplanen)

Kvielarshelljaren, Greidung (M25 i kulturminneplanen)

Gamletunet i Sunndalen (M16 i kulturminneplanen)

Raffelsteinen i Grasdalen (M37 i kulturminneplanen)

#### **1.4.10. UREINING**

Ulykke ved langtransport av farleg gods langs Rv 15 representerer den kanskje største faren for akutt og langsiktig ureining av vatn og vassdrag.

Kommunen har teke i bruk den nasjonale databasen «Forurenset grunn». Databasen vert nytta ved vurdering av byggesøknader, graveløyve og ved oppstartmøte av detaljreguleringsplaner. Innanfor planområdet er det registrert to lokaliteter som kan ha ureining i grunnen. Dette er verkstedet ved lokalbutikken Buda på Folven og rundt basestasjonen til Stryn sommarski på Tystigen. Desse er omfatta av faresone i kommunedelplanen.

Vi har ingen næringsverksemdar i planområdet som er årsak til støy- eller støvproblem. Viktigaste støykjelde er vegtrafikkstøyt frå Rv 15. Temaet støy og støv er ikkje vektlagt i vesentleg grad i konsekvensutgreiinga som ligg ved plandokumentet.

#### **1.4.11. HØGSPENTLINER**

I planframlegget er alle høgspenlinjer markert med omsynssone. Dette gjeld og der lina er lagt i kabel. Omsynssona si breidde er i samsvar med gjeldande reglar og er sett i samråd med Stryn Energi.

#### **1.4.12. UTRYKKINSKØYRETØY OG SLOKKEVASSKAPASITET**

Den brannfaglege kompetansen til kommunen har vore involvert i planarbeidet på ein slik måte at brannførebyggande tiltak har vore inkludert i planen.

#### **1.4.13. VATN MED FARE FOR USIKKER IS**

Islegging på Oppstrynsvatnet skjer med års mellomrom for kortare perioder. Historisk har vi mange dødsulykker i Oppstryn knytt til usikker is, men mindre interesse for aktivitet på is og større aksemd har gjort at ulykkene har vorte færre. Dette har truleg og samanheng med at klimaendringane har ført til at det stadig sjeldnare legg seg is på vatnet.

#### **1.4.14. TERRENGFORMASJONAR SOM UTGJER SPESIELLE FARE**

Turvegen til Segestad går delvis langs ein svært bratt skrent. Mange, og delvis urøynde brukarar av stien, har gjort at den lokale venneforeninga har vurdert sikringstiltak. Ein har likevel landa på å ikkje gjere slike tiltak på grunn av at dette ville ta vekk eige ansvar for ferdsel i naturen.

## **2. KONSEKVENSGREIING MED ROS-ANALYSE**

### **2.1. INNLEIING**

Krav om konsekvensutgreiing er heimla i plan- og bygningslova § 4-2; "For regionale planar og kommuneplanar med retningslinjer eller rårer for framtidig utbygging og for reguleringsplanar som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn, skal planskildringa gje ei særskild vurdering og skildring – konsekvensutgreiing – av planen sine verknader for miljø og samfunn".

Kravet står også i forskrift om konsekvensutgreiingar. Kommunedelplanen fell inn under § 2 – Planar og tiltak som alltid skal handsamast etter forskrifta. KU forskrifta krev ei skildring av verknadene både av dei einiskilde utbyggingsområda kvar for seg, og dei samla arealbruksendringane i planen, jf. kap.1.7.

### **2.2. METODE**

Kvart einskild område der det er tilrådd ny arealbruk, blir presentert med kartutsnitt og relevante nøkkeldata. Konsekvensutgreiinga skil mellom vurdering av konsekvensar for miljø og for samfunn. I tillegg er det fylt ut ei ROS-sjekkliste, der funn er fanga opp av planframlegget.

#### **2.2.1. VERDIVURDERING**

Med verdivurdering meiner ein området sin noverande verdi utifrå eit gitt utgreiingstema. Verdivurderinga vert gjort etter ein tredelt skala, vist med 1 til 3 stjerner:

- \* = Liten verdi
- \*\* = Middels verdi
- \*\*\* = Stor verdi

#### **2.2.2. OMFANGSVURDERING**

Vurdering av omfang/påverknad inneber å sjå kva endringar ny arealbruk vil føre til for området i forhold til 0 –alternativet (sannsynleg utvikling av området utan utbygging). Omfang av ei utbygging blir bestemt av kva verdier som blir råka av den aktuelle lokaliseringa og arealføremålet.

Omfangsvurderinga er vist med 1 til 3 stjerner:

- \* = Lite omfang
- \*\* = Middels omfang
- \*\*\* = Stort omfang

#### **2.2.3. KONSEKVENSVURDERING**

Konsekvensane er vurdert i høve til (tema vil variere ut i frå grad av aktualitet):


- naturmangfald, jf. naturmangfoldloven
- økosystemtenester
- nasjonalt og internasjonalt fastsett miljømål
- kulturminne og kulturmiljø
- friluftsliv
- landskap
- ureining (utslipp til luft, herunder klimagassutslipp, ureining av vann og grunn, samt støy)
- vassmiljø, jf. vassforskrifta

- jordressurser (jordvern) og viktige mineralressurser
- transportbehov, energiforbruk og energiløysingar
- beredskap og ulykkesrisiko
- verknader som følgje av klimaendringar, herunder risiko ved havnivåstigning, stormflo, flom og skred
- befolkningens helse og helsens fordeling i befolkningen
- tilgjengelegheit for alle til uteområde og gang- og sykkelvegnett
- barn og unges oppvekstvilkår
- kriminalitetsførebygging
- arkitektonisk og estetisk utforming, uttrykk og kvalitet.

For einskildområde som omfattar utbygging, skal det ved behov vurderast alternativ - slik som alternativ plassering, storleik eller avgrensing.

Konsekvensutgreiinga skal i utgangspunktet ta omsyn til tilgjengeleg kunnskap i kart, databaser og dokument. Ved særleg behov vil det bli henta inn nye data.

Konsekvensen av eit føreslått utbyggingsområde for eit gitt tema kjem fram ved å samanstillе vurderinga av området sin verdi med utbygginga sitt omfang. Konsekvensvurdering er vurdert utifrå ein femdelt skala:



Konsekvensvurderinga er, i tillegg til tekst, vist med følgjande farge:

Grønt: Stor positiv, middels positiv, liten/ingen konsekvens.

Gult: Middels negativ konsekvens.

Raudt: Stor negativ konsekvens.

## 2.3. UTGREIINGSTEMA

Tabellen syner utgreiingstema som dei ulike tiltaka i kommunedelplanen skal vurderast i høve til. Dei fleste av desse vart fastsett i planprogrammet.

| Type tiltak                 | Utgreiingstema |                |                        |          |          |          |             |                            |                |                 |      |                 |                |
|-----------------------------|----------------|----------------|------------------------|----------|----------|----------|-------------|----------------------------|----------------|-----------------|------|-----------------|----------------|
|                             | Naturmangfold  | Viltinteresser | Friluftsliv/folkehelse | Landskap | Ureining | Landbruk | Kulturmiljø | Kulturmiljø og kulturminne | Transportbehov | Trafiktryggleik | Støy | Fiskeinteresser | Verna vassdrag |
| • Bustadområde              | x              | x              | x                      | x        | x        | x        | x           | x                          | x              | x               | x    | x               | x              |
| • Fritidsbustader           | x              | x              | x                      | x        |          | x        | x           |                            |                |                 |      | x               | x              |
| • Fritids- og turistføremål | x              | x              | x                      | x        | x        | x        | x           | x                          | x              |                 |      | x               | x              |
| • Samferdsle                | x              | x              | x                      | x        | x        | x        | x           | x                          | x              | x               | x    | x               | x              |
| • Idrettsområde             | x              | x              | x                      | x        | x        | x        | x           | x                          | x              | x               | x    | x               | x              |
| • Andre byggeområde         | x              | x              | x                      | x        | x        | x        | x           | x                          | x              | x               | x    | x               | x              |

## 2.4. KUNNSKAPSGRUNNLAGET

Kunnskapsgrunnlaget er vurdert etter ein firedelt skala:  
Dårleg (D) – Middels (M)– God (G) – Svært god (S).

| Type tiltak  | Datakvalitet  |                |                       |          |          |          |                            |                |                  |      |                 |                |
|--|---------------|----------------|-----------------------|----------|----------|----------|----------------------------|----------------|------------------|------|-----------------|----------------|
|  | Naturmangfold | Viltinteresser | Friluftsliv/folkeløse | Landskap | Ureining | Landbruk | Kulturmiljø og kulturminne | Transportbehov | Trafikktryggleik | Støy | Fiskeinteresser | Verna vassdrag |
| <b>Bustadområde</b>                                  |               |                |                       |          |          |          |                            |                |                  |      |                 |                |
| Flo B401   | M             | M              | G                     | G        |          | G        | M                          |                | M                | M    | G               | S              |
| Tunold B403  | M             | M              | G                     | G        |          | G        | G                          |                | S                | G    | G               | S              |
| Sandvik B404   | M             | M              | G                     | G        |          | G        | M                          |                | M                | M    | G               | S              |
| Sandvik B405   | M             | M              | G                     | G        |          | G        | M                          |                | M                | M    | G               | S              |
| Fosnes B408  | G             | S              | G                     | G        |          | G        | M                          |                | M                | M    | G               | S              |
| Solbakken B409                                       | M             | M              | G                     | G        |          | G        | M                          |                | M                | G    | G               | S              |
| Hogane (Guddal) B425                                 | G             | M              | G                     | M        |          | G        | G                          |                | M                | M    | G               | S              |
| Hogane (Guddal) B426                                 | G             | M              | G                     | M        |          | G        | G                          |                | M                | M    | G               | S              |
| <b>Fritidsbustader</b>                               |               |                |                       |          |          |          |                            |                |                  |      |                 |                |
| Mindresunde F403                                     | M             | D              | M                     | G        |          | G        | S                          |                | M                |      | G               | S              |
| Tunold F404  | M             | M              | M                     | M        |          | G        | M                          |                | S                | G    | G               | S              |
| <b>Fritids- og turistføremål</b>                     |               |                |                       |          |          |          |                            |                |                  |      |                 |                |
| Flo FT401  | M             | M              | G                     | G        |          | G        | M                          |                | M                |      | G               | S              |
| Veslebygda FT402                                     | M             | M              | M                     | G        |          | G        | M                          |                | M                |      | G               | S              |
| Meland FT405   | M             | M              | G                     | G        |          | G        | D                          |                | G                |      | M               | S              |
| <b>Idrettsområde</b>                                 |               |                |                       |          |          |          |                            |                |                  |      |                 |                |
| Tystigen ID403                                       | M             | G              | S                     | M        | S        | M        | D                          | M              | G                | G    | M               | S              |
| <b>Andre byggeområde</b>                             |               |                |                       |          |          |          |                            |                |                  |      |                 |                |
| Tystigen Småkraftverk E401                           | G             | G              | G                     | D        | G        | M        | M                          |                | M                | G    | D               | S              |
| <b>Kombinert bustad og fritids- og turistføremål</b> |               |                |                       |          |          |          |                            |                |                  |      |                 |                |
| Veslebygda KB401                                     | M             | M              | M                     | G        |          | G        | M                          |                | M                | G    | D               | S              |
| <b>Turveg/Gang- og sykkelveg</b>                     |               |                |                       |          |          |          |                            |                |                  |      |                 |                |
| Mindresunde-Storesunde                               | G             | S              | G                     | G        | G        | G        | S                          | G              | G                | G    | S               | S              |
| Meland-Fosnes  | G             | G              | G                     | G        | G        | G        | M                          | G              | G                | G    | D               | S              |
| Fosnes-Grande  | G             | G              | G                     | G        | G        | G        | G                          | G              | G                | G    | M               | S              |
| Hjelle-Grov  | M             | G              | G                     | M        | M        | G        | M                          | G              | G                | G    | D               | S              |

All type utbygging skal vurderast mot informasjon i eksisterande databaser, skriftleg litteratur og lokalkunnskap med tanke på konflikt. I tillegg til dei planane som er nemnt under planomtalen sitt kap. 1.3 Rammer for planarbeidet, viser tabellen under oversyn over kunnskap som er nytta.

| Utgreiingstema                           | Datagrunnlag/kjelde  |
|--|--|
| Naturmangfald                            | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Fuglar i Stryn – artsliste med kort omtale av Kjetil Mork, 1998.</li> <li>• Prioriterte artar og naturtypar i Naturbasen.</li> <li>• Supplerande naturtypekartlegging i Stryn kommune 2012.</li> <li>• Artsdatabanken.</li> <li>• Klassifisering av elver i Stryn kommune i 2007 basert på bunndyr. Rapport nr 147, Laboratoriet for Ferskvannøkologi og innlandsfiske, UiB.</li> <li>• Miljøvernleiar (muntleg kjelde).</li> </ul> |
| Viltinteresser                           | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Villrein, inngrep og forstyrningar i Ottadalen villreinområde. Rapport 2/98 fylkesmannens miljøvernnavdeling</li> <li>• Regional plan for Villrein i Ottadalsområdet 2013-2025.</li> <li>• Viltkart for Stryn kommune.</li> </ul>   |
| Friluftsliv og folkehelse                | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ny kartlegging av friluftslivområde gjennomført etter metode utvikla av Miljødirektoratet i 2018.</li> <li>• Planlaget (muntlege kjelder).</li> <li>• Forprosjekt «samhandling i lokalt folkehelsearbeid»</li> </ul>  |
| Landskap                                 | <ul style="list-style-type: none"> <li>• NIJOS. Prøvekartlegging av landskap.</li> <li>• Planlaget (muntlege kjelder)</li> </ul>   |
| Ureining                                 | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Databasen «Forurenset grunn».</li> </ul>  |
| Verna vassdrag og vassressursforvaltning | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Differansiert forvaltning av verna vassdrag. Tematisk kommunedelplan for Stryn kommune.</li> <li>• Regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane vassregion 2016-2021.</li> </ul>  |
| Landbruk                                 | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kjerneområde for landbruk og kulturlandskap (2006)</li> <li>• Landbrukssjef (muntleg kjelde).</li> <li>• NIBIO Gardskart/Kilden</li> </ul>  |
| Kulturminne og kulturmiljø               | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Mitt kulturminne. Kommunedelplan for kulturminne Stryn kommune 2016.</li> <li>• Kulturminnesøk/Askeladden</li> <li>• Miljøstatus – Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.</li> <li>• Tiltaksstrategi for spesielle miljøtiltak i jordbruket og nærings- og miljøtiltak i skogbruket, 2009-2012</li> <li>• Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Strynkommune. SFDH Rapport nr 24</li> </ul>  |
| Transportbehov                           | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Planlaget (muntlege kjelder).</li> <li>• Energi- og miljøplan Stryn kommune 2009-2013. Brukarundersøking i Oppstryn om arbeidsruter med kollektive transportmiddel.</li> </ul>  |
| Trafikktryggleik                         | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Teknisk sjef (muntleg kjelde).</li> </ul>   |
| Støy                                     | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Planlaget (muntlege kjelder).</li> </ul>  |
| Støv                                     | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Planlaget (muntlege kjelder).</li> </ul>  |
| Lukt                                     | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Folk med god luktesans.</li> </ul>  |
| Fiskeinteresser                          | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Lakseregisteret – Miljødirektoratet</li> <li>• Miljøstatus – Fylkesmannen i Sogn og Fjordane</li> </ul>   |
| Andre                                    | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Karakterisering av grunnvannsforekomster i vassområde Stryn. Asplan Viak, 03.05.2008.</li> </ul>  |

## **2.5. UTGREIINGAR I PLANOMRÅDET**

### **2.5.1. TETTSTADSPROSJEKT PÅ HJELLE**

Tettstadsutvikling og tilrettelegging for nye bustadar er eit viktig tema i planen. 3RW- arkitekter har på oppdrag frå Stryn kommune utarbeidd eit konsept for utvikling av «Hjelle sentrum», eit avgrensa område på Hjelle. Konseptet viser arkitektoniske løysingar med nye bu-einingar, fellesområde som tener eksisterande og ny busetnad, med utforming og tilpassing som tar vare på Hjelle sitt særpreg.

Eit av måla med prosjektet har vore å kunne konkretisere forslaga med tilhøyrande retningslinjer eller føresegner, utan krav om reguleringsplan, for å fremje bustadbygging og andre element som sikrar attraktiviteten på Hjelle.

### **2.5.2. GRØN ENERGI TIL TYSTIGEN**

SINTEF energi er engasjert i å finne alternative energiløysingar til drift av Stryn sommarskisenter. I tillegg til SINTEF energi deltar Norges teknisk-naturvitenskapelige Universitet (NTNU) i nært samarbeid med Stryn Sommerski AS. Prosjektet skal få fram kostnader og miljøverknadar til eit ferdig prosjektert alternativt energiforsyningsssystem for Stryn Sommerski for å erstatte bruken av fossilt brensel.

### **2.5.3. KLIMAVENLEG AREALPLANLEGGING**

For å kunne innarbeide gode klimaløysingar i arealplanlegginga har vi behov for ein ny metodikk tilpassa utfordringane i bygder og mindre tettstadar for klimavenlege løysingar. For å styrke kunnskapsgrunnlaget vårt og systematisere dette arbeidet, har vi med støtte frå «Klimasats-ordninga» jobba saman med Vestlandsforskning for å få fram konkrete tiltak og ny kunnskap på området. Dette arbeidet blei ferdigstilt februar 2019.

## **2.6. KONSEKVENsutGREIING AV PLANLAGDE BYGGEOMRÅDE**

Følgjande område er konsekvensutgreidd:

- Flo: LNF med spreidd næringsbusetnad LSN401 og parkering
- Flo: Bustadområde B401
- Veslebygda: Kombinert føremål: Fritids- og turistføremål og bustader KB401
- Veslebygda: Fritids- og turistføremål FT402
- Mindresunde: Utviding av område til fritidsbustader F403
- Gang- og sykkelveg/turveg frå Storesunde til Mindresunde camping
- Meland: Utviding av område til fritids- og turistføremål FT405
- Gang- og sykkelveg frå Meland til Fosnes
- Tunold: Fritidsbustader F404
- Tunold: Bustadområde B403
- Sandvik nord - Bustadområde B404
- Sandvik sør - Bustadområde B405
- Fosnes - Bustadområde B408
- Solbakken - Bustadområde B413
- Gang- og sykkelveg frå Fosnes til Hjelle
- Gang- og sykkelveg frå Hjelle til Betel
- Tystigen - Utviding av idrettsområde ID403
- Tystigen – Småkraftverk E401
- Hogane aust (Guddal) – Bustadområde B425
- Hogane vest (Guddal) – Bustadområde B426

## 2.6.1. KU: FLO – LNF MED SPREIDD NÆRINGSBUSETNAD LSN401 OG PARKERING

|                           |   |
|---------------------------|---|
| <b>Område:</b>            | Flo   |
| <b>Gnr/bnr:</b>           | 8/2, 8/3 og 8/5   |
| <b>Dagens føremål:</b>    | Landbruks-, natur- og friluftsføremål (LNF)   |
| <b>Føreslått føremål:</b> | Landbruk med spreidd næring (18,2 daa) LSN401 og parkering (0,5 daa og 1,8 daa)   |
| <b>Arealstorleik:</b>     | 20,5 daa  |
| <b>Forslagstillar:</b>    | Grunneigaren av 8/5 og Stryn kommune  |
| <b>Skildring:</b>         | Det er planar om å nytte området til landbrukstilknytt reiseliv, mellom anna til utleiehytter og serveringslokale.<br>Det er behov for parkering i tilknytning til konseptet, men også i samband med trafikk i høve bruk av Flofjellet. |

| Tema                    | Skildring  | Verdi | Omfang | Konsekvens                 |
|-------------------------|--|-------|--------|----------------------------|
| <b>Miljø</b>            |  |       |        |                            |
| Naturmangfald           | Naturtypekartlegging er ikkje gjennomført (arealet består av dyrka mark og overflatedyrka areal). Artsdatabanken viser at det er registrert fleire raudelista artar på Flo; fugleartane bergirisk, gjøk og makrellterne. Jordgjøkhumble er også registrert i planområdet.  | *     | **     | Liten negativ konsekvens   |
| Viltinteresser          | Området er ikkje undersøkt med omsyn til fuglelivet i kulturlandskapet. Klimaet i området er gunstig for fleire hekkefugl-artar tilpassa edellausvog. Nokre av desse kan opptre i opne kulturlandskap. Tiltaket vil i liten grad kunne påverke viltet negativt.  | *     | *      | Liten negativ konsekvens   |
| Friluftsliv/ folkehelse | Ny kartlegging av friluftslivområde 2018 viser at det ikkje ligg friluftslivområde i form av stiar, leikeareal eller liknande i planområdet. Viktigste friluftslivområdet på Flo (svært stor verdi) er Flofjellsvegen, som manglar parkering på Flo-sida. Etablering av parkeringsplassen vil ha stor positiv betydning for friluftslivet lokalt, regionalt og til dels nasjonalt.   | *     | *      | Stor positiv konsekvens    |
| Landskap                | Hovuddalføret frå Mindresunde til Hjelle og Erdal er vurdert av NIJOS som eit veldig særmerkt, kontrastrikt og opplevingsrikt landskapsrom. Innanfor dette landskapsrommet er Flobygda eitt av fleire viktige blikkfang. Flobygda framstår som ei frodig oase i landskapet. Det er spesielt viktig å halde kulturlandskapet ope, og unngå store inngrep med sterk fjernverknad. Tiltaket bør ikkje omfatte bygningar med for stort volum og for stor høgde av landskapsomsyn. Likeeins må den høge fyllingssona for parkeringsplassen tilpassast landskapet. | ***   | *      | Middels negativ konsekvens |
| Ureining                | Bekken som går gjennom tunet på garden går utanom planområdet. Vasskvaliteten er ikkje undersøkt spesielt i denne bekken i arbeid etter vassforskrifta. Tiltak i planområdet gjev ikkje bekymring for fare for ureining av denne eller andre vasskjelder, alternativt ureining til luft.   | **    | *      | Liten negativ konsekvens   |



|                            |  |     |    |                                       |
|----------------------------|--|-----|----|---------------------------------------|
| Landbruk                   | Flo er registrert som viktig område for landbruk og kulturlandskap i «Kjerneområde landbruk». Bakgrunnen er det spesielle landskapet som har oppstått ved aktiv jordbruks- og hageproduksjon i bratt areal. Parkering er lagt til eit areal på ca 3,5 da fulldyrka jord. Dette har stor verdi som jordbruksareal, og konsekvens av å omdisponere dette er middels til sterkt negativ sjølv om det er eit lite areal og noko brattlendt. Området til turistføremål er på ca 13,5 da. 2,7 da av desse er overflatedyrka, resten er fulldyrka og delvis nytta til frukttre. Området er til dels svært bratt. Konsekvens er middels negativ. | **  | *  | Middels negativ konsekvens            |
| Kulturminne og kulturmiljø | Det ligg ingen kulturminne omfatta av kommunedelplan for kulturminne i planområdet. Det er heller ikkje gjort utgravingar for å finne kulturminne. Ein «privat» minnestein frå nyare tid står plassert på ei høgd sør for tunet på garden.   | *   | ** | Middels negativ konsekvens            |
| Transportbehov             | Utleiehytter og serveringslokale vil medføre meir transportbehov til Flo. Med ny tunnell til Flo og gamlevegen som sykkelveg, vil dei reisande kome fram til Flo på ein meir energieffektiv måte enn før. Turgåarar over fjellet parkerer i område med trafikale utfordringar i dag. Transportbehovet aukar ikkje med etablering av ny parkeringsplass.  |     | *  | Middels positiv konsekvens            |
| Trafikktryggleik           | Trafikktryggleiken vert betre med ny parkering i høve dagens tilfeldige plassering av både privatbilar og buss.  |     |    | MIDDELS STOR POSITIV KONSEKVENNS      |
| Støy                       | Planlagde tiltak i planområdet vil ikkje medføre meir støy enn det ein har i området med trafikk og anna aktivitet i dag.  |     |    | INGEN NEGATIV KONSEKVENNS             |
| Fiskeinteresser            | Det er ikkje registrert fisk i bekken forbi planområdet.   | *   | *  | INGEN NEGATIV KONSEKVENNS             |
| Verna vassdrag             | Strynevassdraget er varig verna mot vassdragsutbygging. Også andre tiltak skal vurderast i høve verneverdiane. Tiltaket er planlagt i klasse II-området i Kommunedelplan for differensiert forvaltning av verna vassdrag. Næringsbygg som vert bygd utanom vasssystemet vert vurdert som «kategori 2-tiltak». Dvs tiltak som normalt ikkje er i konflikt med vernegrunnlaget   | *** | *  | LITEN ELLER INGEN NEGATIV KONSEKVENNS |

**Samla vurdering og eventuelle alternativ:**

Ved å ta omsyn til minnestein og utsiktspunktet i tillegg til å avgrense høgda på nye bygg, vil ein både ta omsyn til kulturlandskapet og naturlandskapet på Flo.

| Vasstrykk/sløkkjevatn                       | Utløyer tiltaket behov for forsterka kapasitet?  |    | x           |
| <b>Samvirke av tiltak</b>                   | Er den samla effekten av fleire tiltak i heile planområdet eller i delområde vurdert?  | x  |             |

## 2.6.6. KU: MELAND – FRITIDS- OG TURISTFØREMÅL FT405

|                           |   |
|---------------------------|---|
| <b>Område:</b>            | Meland – Strynsvatn camping   |
| <b>Gnr/bnr:</b>           | 37/1 og 2   |
| <b>Dagens føremål:</b>    | Landbruks-, Natur- og friluftsføremål (LNF) og Camping  |
| <b>Føreslått føremål:</b> | Fritids- og turistføremål FT405   |
| <b>Arealstorleik:</b>     | 12,9 daa  |
| <b>Forslagstillar:</b>    | Grunneigaren av 37/1 og 2   |
| <b>Skildring:</b>         | I gjeldande plan ligg det ein eksisterande campingplass, Strynsvatn camping, med eit planlagt område for utviding. Desse er noko feilplassert i høve den faktiske situasjonen. Innspel om å utvide området for fritids- og turistføremål opp til 110 moh. |

| Tema                       | Skildring   | Verdi | Omfang | Konsekvens                           |
|----------------------------|---|-------|--------|--------------------------------------|
| <b>Miljø</b>               |   |       |        |                                      |
| Naturmangfald              | Naturtypekartlegging er ikkje gjennomført. Artsdatabanken viser funn av arten sandskrinneblom i planområdet. På Meland, utanfor planområdet, er registrert desse raudlista fugleartane; Gulsporv, taksvale og sandsvale.  | *     | *      | Liten negativ konsekvens             |
| Viltinteresser             | Det er ikkje kartlagt viktige leveområde for vilt i planområdet. Viktige trekkvegar for hjort langs dalføret kryssar over eigedomen. Tiltaket vil kunne forskyve hovudtrekkvegen høgare opp i terrenget, utan for stor negativ verknad for arten.   | *     | **     | Liten til middels negativ konsekvens |
| Friluftsliv/folkehelse     | I kartlegging av viktige friluftsområde 2018 er friluftsområde Meland-Melandssætra-Melandsfjellet (område nr 234) vurdert som A-område. Typen område er tursti. A-verdi er høgaste verdi på vurderingsskalaen. Planlagt byggeområde vil ligge på begge sider av turstien.   | ***   | **     | Middels negativ konsekvens           |
| Landskap                   | Hovuddalen frå sundet opp til Hjelle og Erdal er i ei prøvekartlegging av landskap, utført av NIJOS, vurdert som eit veldig særmerkt, kontrastrikt og opplevingsrikt landskapsrom. Øvre del av campingområdet med campingvogner og spikertelt på Meland er veldig godt synleg og dominerer som blikkfang i eit større område. Nybygging i same stil som tidlegare, enda høgare oppe i terrenget vil måtte forsterke dette inntrykket. | ***   | ***    | Stor negativ konsekvens              |
| Ureining                   | I arbeid etter vassforskrifta er vasskvaliteten undersøkt for hovudvassdraget med prøvestasjonar på Soget ved utløpet av Nerfloen. Vasskvaliteten syner god økologisk tilstand. Rjupedalselva er ikkje undersøkt spesielt. Avløpsløyvinga i området må skje ved etablering av pumpestasjon, som tek ureinsa kloakk frå hytter og hus på Meland i sjøleidning fram til Tenden. Dette er ein føresetnad i konsekvensvurderinga.         | **    | **     | Liten til middels negativ konsekvens |
| Landbruk                   | Området er registrert som beite i NIBIO sine Gardskart, men er i stor grad tilvaks med tre og busker.   | *     | *      | Liten negativ konsekvens             |
| Kulturminne og kulturmiljø | Kulturminneplanen Mitt kulturminne viser ingen kulturminne prioritert i planområdet.  | *     | *      | Liten eller ingen                    |

|                  |   |     |   |                                       |
|------------------|---|-----|---|---------------------------------------|
|                  |   |     |   | negativ konsekvens                    |
| Trafikktryggleik | Avkøyringa til campingområdet er uoversiktleg, spesielt frå vest. Auka kapasitet på campingplassen og dermed auka menneskeleg aktivitet i området kan marginalt redusere trafikktryggleiken i høve dagens situasjon. Ytterlegare fartsreduksjon på Rv 15 kan vera eit avbøtande tiltak.   | *   | * | LITEN NEGATIV KONSEKVENNS             |
| Støy             | Utvidinga av campingplassen skjer i god avstand til veg i område med fartsreduksjon på riksvegen. Vegtrafikkstøy vil vera merkbart, men utgjer berre ein liten negativ konsekvens.  |     |   | LITEN NEGATIV KONSEKVENNS             |
| Fiskeinteresser  | Det er ikkje registrert fiskeførande elvestrekning i Rjupedalselva.   | *   | * | INGEN NEGATIV KONSEKVENNS             |
| Verna vassdrag   | Strynevassdraget er varig verna mot vassdragsutbygging. Også andre tiltak skal vurderast i høve verneverdiane. Tiltaket er planlagt i klasse II-området i Kommunedelplan for differensiert forvaltning av verna vassdrag. Hytter som vert bygd utanom vassystemet vert vurdert som «kategori 2-tiltak». Dvs tiltak som normalt ikkje er i konflikt med vernegrannlaget. Hyttene er planlagt i god avstand til strandlinja av Oppstrynsvatnet. | *** | * | LITEN ELLER INGEN NEGATIV KONSEKVENNS |

#### Samla vurdering og eventuelle alternativ:

Etter kvart er det vorte mange PE-einingar som genererer avløp i området. Krav til utslepp i innlandsvassdrag er strengare enn for sjøresipientar. Ny bygging i området må stillast krav om tilknytning til reinseanlegget på Tenden, på same måte som det vart gjort for bustad/fritidsbustader ved Mindresunde. Dette skjer ved å bygge ein pumpestasjon mellom Meland og Mindresunde som pumpar kloakken ureinsa i sjøleidning fram til reinseanlegg på Tenden.

Tiltaket vil få **middels stor negativ konsekvens for miljø og samfunn**. Alternative område er ikkje vurdert.

## ROS: MELAND – FRITIDS- OG TURISTFØREMÅL FT405

| Natur risiko                                | Aktuelle moment å vurdere. Ikkje uttømmande liste.   | Ja     | Nei         |
|---|--|--------|-------------|
| Skred                                       | Er området utsett for skred ifølgje aktsemdskarta?<br>Er skredfare vurdert?<br>Kan tiltaket gje auka fare for skred?                 | X<br>X | X           |
| Vind/ekstremvær                             | Kan tiltaket verta utsett for skade ved sterk vind/ekstremvær?<br>Kan tiltaket gje auka fare for skade på nærområdet ved ekstremvær? | X      | X           |
| Flaum                                       | Er tiltaket utsett for flaum?<br>Finst flaumsonekart?<br>Kan tiltaket gje auka fare for flaum?                                       |        | X<br>X<br>X |
| Radon                                       | Behov for radonmåling?   |        | X           |
| Klimaendring                                | Er effekt av venta klimaendringar vurdert? Auka nedbør, havnivå m.m.   | X      |             |
| <b>Verksemd risiko</b>                      |  |        |             |
| Eksplosivlager                              | Lager for eksplosivar i eller nær området/tiltaket?  |        | X           |
| Transport av farleg gods                    | Vil tiltaket gje auka sannsyn for uhell ved transport av farleg gods på veg?<br>Vil tiltaket auka konsekvensane ved slikt uhell?     |        | X<br>X      |
| Brannfareområde                             | Vil tiltaket medføra auka brannfare/brannspreiing?<br>Er tilkomst og tilgang på sløkkjevatt for brannvesenet tilfredsstillande?      | X      | X           |
| Ureina grunn. Deponi                        | Kan grunnen/sjøsedimenta vera ureina av tidlegare bruk?  |        | X           |
| Dambrot                                     | Ligg tiltaket i faresone ved evt. dambrot?   |        | X           |
| Trafikkfare                                 | Er trafikktryggleik vurdert?<br>Medfører tiltaket auka ulykkesrisiko på eks. vegnett?  | X      | X           |
| <b>Sårbare objekt</b>                       |  |        |             |
| Skule/barnehage                             | Har tiltaket konsekvensar for trygg skuleveg eller uteområde for skule/barnehage?  |        | X           |
| Institusjonar og viktige offentlege bygg    | Uheldige konsekvensar for institusjonar/offentlege bygningar?  |        | X           |
| Kulturminne                                 | Kan tiltaket medføra skade /risiko for kulturminne?  |        | X           |
| Drikkevatt og avløpsnett                    | Har tiltaket konsekvensar for drikkevasskjelder, inntak, leidningsnett for vatn og avløp?  | X      |             |
| El.- og telenett                            | Har tiltaket konsekvensar for el og telenett? forsyningstryggleik ?  |        | X           |
| Veg og trafikk anlegg. Ferjekaiar, tunnelar | Medfører tiltaket risiko for eks anlegg eller behov for tiltak?  |        | X           |
| Natur                                       | Naturvernområde, viktige område for friluftsliv/rekreasjon.  | X      |             |
| <b>Beredskap</b>                            |  |        |             |
| Politi/brann/ambulansse/lege                | Utløyser tiltaket behov for endra prosedyrar og mannskapsstyrke?   |        | X           |
| Siviltforsvar/Røde kors                     | Medfører tiltaket meiroppgåver for desse?  |        | X           |
| Vasstrykk/sløkkjevatt                       | Utløyser tiltaket behov for forsterka kapasitet?   | X      |             |
| <b>Samvirke av tiltak</b>                   | Er den samla effekten av fleire tiltak i heile planområdet eller i delområde vurdert?  | X      |             |

Kommentar: Det vil bli sett krav om tilgong til sløkkjevatt til øvre del av feltet.

## 2.6.7. KU: GANG- OG SYKKELVEG FRÅ MELAND TIL FOSNES

|                           |  |
|---------------------------|--|
| <b>Område:</b>            | Mellom Meland og Fosnes, langs med Rv. 15  |
| <b>Gnr/bnr:</b>           | 37/1, 37/2, 37/3, 37/4, 37/10, 36/1, 36/3, 1/2, 1/4, 34/9, 35/1, 34/2, 34/1, 34/3, 34/4, 34/5, 31/8, 31/22, 31/3, 31/5, 31/7, 31/1, 31/4, 31/10, 31/14, 31/11, 31/17, 31/12, 31/9, 30/8, 30/1, 30/3, 30/4, 30/2, 30/12, 30/10, 30/9, 30/7. |
| <b>Dagens føremål:</b>    | Landbruks-, Natur- og friluftsføremål (LNF)  |
| <b>Føreslått føremål:</b> | Gang- og sykkelveg   |
| <b>Arealstorleik:</b>     | Om lag 8580 meter  |
| <b>Forslagstillar:</b>    | Stryn kommune, Strynsvatn grunneigarlag  |
| <b>Skildring:</b>         | Gang- og sykkelveg som følg Rv. 15 mellom Meland og Fosnes. Er planlagt i hovudsak på eksisterande fylling mellom Rv. 15 og Oppstrynsvatnet.   |

| Tema                   | Skildring   | Verdi | Omfang | Konsekvens                        |
|------------------------|---|-------|--------|-----------------------------------|
| <b>Miljø</b>           |   |       |        |                                   |
| Naturmangfald          | Naturtypekartlegging er ikkje gjennomført i denne strandsona. Artsdatabanken viser registrering av raudelista artar som gulsporv, taksvale, sandsvale, fiskemåke, vipe, sædgås, stær, storspove, tyrkerdue og svartrødstjert.<br>Geologisk er området interessant på grunn av jettegrytene som ligg i området.<br>Tiltaket vil krevje omfattande utfylling i vatnet og dermed fjerning av ein del grunne viker der fleire artar lever. Konsekvensen er middels negativ.   | *     | **     | <b>Middels negativ konflikt</b>   |
| Viltinteresser         | Strandsona frå Dispaholmen til Knartevika vert årleg nytta som beiteområde for sangsvane (inntil 40 individ) i periodar med ising av hovudelva frå Mindresunde og ned. Fleire andearter hekker, beitar og myter i denne strandsona. Artar som er registrert i strandsona mellom Meland og Fosnes er laksand, fiskeand, islom, storlom, sangsvane, canadagås, grågås, toppand og stokkand.<br>Oter er kome tilbake i området og har hatt yngling til dømes på Meland.<br>Mangel på grunner i vatnet er avgrensande for det vasstilpassa fuglelivet. Mest konfliktfylt i høve fuglelivet vil vera eventuell utfylling i området ved Knarteholmen der fleire fugleartar beiter og hekker.  | **    | **     | <b>Middels negativ konsekvens</b> |
| Friluftsliv/folkehelse | I kartlegging av viktige friluftsområde 2018 er det ikkje kartlagt viktige friluftsområde langs Rv 15 på denne strekninga. Derimot er det kartlagt ein viktig grøntkorridor langs den gamle ferdselsvegen mellom Knartevika og Nesje, høgare opp i terrenget. For den vegfarande ligg det fleire viktige utkikkspunkt på strekninga mellom Tunoldsvika og Brekkenausta.<br>Det er ein stor mangel ved samferdselsystemet at ein manglar gang- og sykkelveg langs Rv 15. Dette hindrar mange i å sykle til jobb i Stryn sentrum på grunn av trafikkfaren. Tiltaket vil i tillegg til å styrke folkehelse også få betydning for friluftsliv fordi ein ikkje treng å nytte bil for å kome til startpunktet for fleire turløyper opp i skog og fjell. |       |        | <b>Stor positiv konsekvens</b>    |

|                            |   |     |     |   |
|----------------------------|---|-----|-----|---|
| Landskap                   | Hovuddalen frå sundet opp til Hjelle og Erdal er i ei prøvekartlegging av landskap, utført av NIJOS, vurdert som eit veldig særmerkt, kontrastrikt og opplevingsrikt landskapsrom. I mindre målestokk er fjellknausane mellom Knartevika og Nesje med på å skape variasjon i terrengformene. Det er i dette landskapet g/s-vegen skal byggast, delvis i stup mot vatnet. Tilpassinga i landskapet vert krevjande.   | *** | *** | <b>Stor negativ konsekvens</b>              |
| Ureining                   | I arbeid etter vassforskrifta er vasskvaliteten undersøkt for hovudvassdraget med prøvestasjonar på Soget ved utløpet av Nerfloen. Vasskvaliteten syner god økologisk tilstand. På strekninga er det naudsynt med ytterlegare utfylling i vatnet på fleire stader. Fylling må mest sannsynleg skje ved bruk av tunnellmasse. Desse massane inneheld finpartiklar av sprengstein og krutrestar som verkar negativt på fisk. Effekten av dette kan reduserast med tildekking av sprengstein med tett duk og plastra fylling.  | *** | **  | <b>Middels til stor negativ konsekvens</b>  |
| Landbruk                   | På denne strekninga går gang- og sykkelvegen gjennom jordbruksareal av ulik kvalitet i ca 2,2, km. Dette er areal som no ligg inntil riksvegen. Konsekvensane er avgrensa i høve til samfunnsnyttan   | *   | *   | <b>Liten til middels negativ konsekvens</b> |
| Kulturminne og kulturmiljø | Kommunedelplan for kulturminne – Mitt kulturminne 2015 – viser to prioriterte kulturminne langs aktuell trasè for gang og sykkelveg fram til Fosnes. Det gjeld det automatisk freda kulturminnet Fetts fk.nr 1 Nibba, som er ein bautasteinlokaltet som ligg på ein rasteplass for vegvesenet rett vest for avkøyringa til Brekke og Nesje. Lokaliteten er frå jernalder og vart freda i 1982. Ei av dei gamle bryggene som vart nytta for ferdsel på vatnet ligg i Tunoldsvika. Dette var også anløpsbrygga for ferdselen til og frå Flo før vegen kom på 1960-talet. Utanfor planområdet kan nemnast at på Nesje, godt oppom fylkesvegen, ligg ein gamal kyrkjestad frå Mellomalderen. Terrenget langs traseen gjev få høve til lokale tilpassingar som kan redusere konsekvensane. | **  | **  | <b>Middels negativ konsekvens</b>           |
| Transportbehov             | Gang og sykkelveg vil medføre store positive verknader på eit miljøvennleg transportbehov, ved at biltransport kan erstattast med gåing og sykling.   |     |     | <b>Stor positiv konsekvens</b>              |
| Trafikktryggleik           | Vegstrekninga er trafikalt ei av dei verste for gåande og syklande i vår kommune. Ein gang- og sykkelveg vil vera eit svært stort positivt tiltak for å betre trafikksituasjonen, og gjera det mogleg for langt fleire å sykle til jobb og å nytte hovudvegssystemet som turmoglegheit.   | *   | *   | <b>SVÆRT STOR POSITIV KONSEKVENNS</b>       |
| Støy                       | Tiltaket vil på sikt medføre meir umotorisert ferdsel, som igjen kan føre til mindre vegtrafikkstøy.  |     |     | <b>LITEN POSITIV KONSEKVENNS</b>            |
| Fiskeinteresser            | Det er ingen sidebekkar til vatnet med kjent gyteområde eller beiteområde for innlandsaure eller sjøaure med unntak av Fosdøla. Tiltaket vil ikkje medføre inngrep i denne elva som vil påverke elva sine kvalitetar for fisk.  | *   | *   | <b>INGEN NEGATIV KONSEKVENNS</b>            |
| Verna vassdrag             | Strynevassdraget er varig verna mot vassdragsutbygging. Også andre tiltak skal vurderast i høve verneverdiane. Tiltaket er planlagt i klasse II-  | *** | **  | <b>MIDDELS NEGATIV KONSEKVENNS</b>          |

|  |   |  |  |  |
|--|---|--|--|--|
|  | <p>området i Kommunedelplan for differensiert forvaltning av verna vassdrag. Vegbygging utanom vassystemet vert vurdert som «kategori 2-tiltak». Dvs tiltak som normalt ikkje er i konflikt med vernegrnlaget. Gang- og sykkelveg i vassystemet (på utfylling) er eit kategori 3-tiltak, som vil seie at tiltaket normalt vil vera i konflikt med vernegrnlaget, men at detaljering og utforming avgjer om tiltaket kan utførast. Gang- og sykkelvegen er føresett lagt med minimal utfylling i vatnet.</p> |  |  |  |
|--|---|--|--|--|

**Samla vurdering og eventuelle alternativ:**

Samla vurdering er at utviding av traseen for samferdsle til å omfatte også gang- og sykkelveg vil gje **middels store negative konsekvenser** for miljø og samfunn, også når ein trekker inn dei store positive verknadane av vegen for gåande og syklande. Effekten av bruk av sprengstein i strandsone kan reduserast med tildekking av steinen med tett duk og plastra fylling.

Det er ikkje teke stilling til kva side av riksvegen g-/s-vegen skal gå på.

## ROS: GANG- OG SYKKELVEG FRÅ MELAND TIL FOSNES

| Natur risiko                                | Aktuelle moment å vurdere. Ikkje uttømmande liste.   | Ja     | Nei    |
|---|--|--------|--------|
| Skred                                       | Er området utsett for skred ifølgje aktsemdskarta?<br>Er skredfare vurdert?<br>Kan tiltaket gje auka fare for skred?                 | X<br>X | X<br>X |
| Vind/ekstremvær                             | Kan tiltaket verta utsett for skade ved sterk vind/ekstremvær?<br>Kan tiltaket gje auka fare for skade på nærområdet ved ekstremvær? | X      | X      |
| Flaum                                       | Er tiltaket utsett for flaum?<br>Finst flaumsonekart?<br>Kan tiltaket gje auka fare for flaum?                                       | X<br>X | X      |
| Radon                                       | Behov for radonmåling?   |        | X      |
| Klimaendring                                | Er effekt av venta klimaendringar vurdert? Auka nedbør, havnivå m.m.   | X      |        |
| <b>Verksemd risiko</b>                      |  |        |        |
| Eksplosivlager                              | Lager for eksplosivar i eller nær området/tiltaket?  |        | X      |
| Transport av farleg gods                    | Vil tiltaket gje auka sannsyn for uhell ved transport av farleg gods på veg?<br>Vil tiltaket auka konsekvensane ved slikt uhell?     |        | X<br>X |
| Brannfareområde                             | Vil tiltaket medføra auka brannfare/brannspreiing?<br>Er tilkomst og tilgang på sløkkevatn for brannvesenet tilfredsstillande?       | X      | X      |
| Ureina grunn. Deponi                        | Kan grunnen/sjøsedimenta vera ureina av tidlegare bruk?  |        | X      |
| Dambrot                                     | Ligg tiltaket i faresone ved evt. dambrot?   |        | X      |
| Trafikkfare                                 | Er trafikktryggleik vurdert?<br>Medfører tiltaket auka ulykkesrisiko på eks. vegnett?  | X      | X      |
| <b>Sårbare objekt</b>                       |  |        |        |
| Skule/barnehage                             | Har tiltaket konsekvensar for trygg skuleveg eller uteområde for skule/barnehage?  | X      |        |
| Institusjonar og viktige offentlege bygg    | Uheldige konsekvensar for institusjonar/offentlege bygningar?  |        | X      |
| Kulturminne                                 | Kan tiltaket medføra skade /risiko for kulturminne?  |        | X      |
| Drikkevatn og avløpsnett                    | Har tiltaket konsekvensar for drikkevasskjelder, inntak, leidningsnett for vatn og avløp?  |        | X      |
| El.- og telenett                            | Har tiltaket konsekvensar for el og telenett? forsyningstryggleik ?  |        | X      |
| Veg og trafikk anlegg. Ferjekaiar, tunnelar | Medfører tiltaket risiko for eks anlegg eller behov for tiltak?  |        | X      |
| Natur                                       | Naturvernområde, viktige område for friluftsliv/rekreasjon.  |        | X      |
| <b>Beredskap</b>                            |  |        |        |
| Politi/brann/ambulanse/lege                 | Utløyser tiltaket behov for endra prosedyrar og mannskapsstyrke?   |        | X      |
| Sivilforsvar/Røde kors                      | Medfører tiltaket meiroppgåver for desse?  |        | X      |
| Vasstrykk/sløkkjevatn                       | Utløyser tiltaket behov for forsterka kapasitet?   |        | X      |
| <b>Samvirke av tiltak</b>                   | Er den samla effekten av fleire tiltak i heile planområdet eller i delområde vurdert?  | X      |        |

Kommentar:

Skredfare er vurdert for traséen, med unntak av eit område mellom Meland og Holmevik.



## 2.6.8. KU: TUNOLD - FRITIDSBUSTADER F404

|                           |   |
|---------------------------|---|
| <b>Område:</b>            | Tunold  |
| <b>Gnr/bnr:</b>           | 34/2 og 34/5  |
| <b>Dagens føremål:</b>    | Landbruks-, Natur- og friluftsføremål (LNF)   |
| <b>Føreslått føremål:</b> | Fritidsbustader F404  |
| <b>Arealstorleik:</b>     | 3,6 daa   |
| <b>Forslagstillar:</b>    | Grunneigar av 34/2  |
| <b>Skildring:</b>         | Området omfattar ein eksisterande fritidsbustad (34/5). Det vil vere mogleg å byggje 2-3 nye fritidsbustader. Kan nytte eksisterande avkøyrsløse frå Rv. 15.<br>I gjeldande plan ligg det eit område for fritidsbustader litt lengre sør, lengre oppe i terrenget. Dette blir no teke ut. |

| Tema                       | Skildring  | Verdi | Omfang | Konsekvens               |
|----------------------------|--|-------|--------|--------------------------|
| <b>Miljø</b>               |  |       |        |                          |
| Naturmangfald              | Skogbildet i området består ei blanding av furuskog med ospeholt og gråor langs bekkedrag, og med innslag av små dyrka areal. Naturtypekartlegging er ikkje gjennomført i planområdet. Artsdatabanken viser ingen registrerte arter.   | *     | *      | Liten negativ konsekvens |
| Viltinteresser             | Det er ikkje kartlagt viktige viltområde i dette planområdet, men med innslag av osp er området eigna for fleire hulrugande artar som spettar og ugler.  | *     | *      | Liten negativ konsekvens |
| Friluftsliv/folkehelse     | I kartlegging av viktige friluftslivområde 2018 er den gamle ferdavegen frå Knartevika til Nesje avmerka som ein viktig grøntkorridor. Denne kjem ovafor innmarksgjerdet på Aarnes inn til Tunoldsvika, fylgjer ny veg og går over gardstunet på Tunold. Grøntkorridoren vert ikkje berørt av det planlagde tiltaket.  | *     | *      | Liten negativ konsekvens |
| Landskap                   | Hovuddalen frå sundet opp til Hjelle og Erdal er i ei prøvekartlegging av landskap, utført av NIJOS, vurdert som eit veldig særmerkt, kontrastrikt og opplevingsrikt landskapsrom. I mindre målestokk er fjellknausane mellom Knartevika og Nesje med på å skape variasjon i terrengformene. Det er i dette landskapet fritidsbustadane er planlagt i ei skråning ned mot vatnet. Det ligg fleire fritidshus i området frå før, og bygging av fleire hytter her vil ha liten innverknad på dei landskapsmessige kvalitetane. | ***   | *      | Liten negativ konsekvens |
| Ureining                   | I arbeid etter vassforskrifta er vasskvaliteten undersøkt for hovudvassdraget med prøvestasjonar på Soget ved utløpet av Nerfloen. Vasskvaliteten syner god økologisk tilstand. Omfanget av bygging i området gjer det lite sannsynleg at vasskvaliteten vert påverka.   | ***   | *      | Liten negativ konsekvens |
| Landbruk                   | I området er ein teig med 2,1 da fulldyrka jord i tillegg til noko skog. Jordbruksarealet er avskilt frå anna areal og ligg langt unna næraste driftseining i aktiv drift.   | *     | *      | Liten negativ konsekvens |
| Kulturminne og kulturmiljø | Kommunedelplan for kulturminne omfattar to kulturminne i området (ingen prioritert som Mitt kulturminne); Det gjeld den gamle ferdseilvegen, sør   | **    | *      | Liten negativ konsekvens |

|                  |  |    |    |                                    |
|------------------|--|----|----|------------------------------------|
|                  | og vest for planområdet, i tillegg til fallossteinen på tunet på Tunold.<br>I tillegg ligg det godt bevarte bakkemurar og skiljemurar fleire stader sør for planområdet.<br>Planområdet ligg slik til at det ikkje berører kjende kulturminne i området.   |    |    |                                    |
| Transportbehov   | Tiltaket vil ikkje i vesentleg grad auke transportbehov i området.   |    | *  | <b>Ingen konsekvens</b>            |
| Trafikktryggleik | Avkøyring frå Rv 15 i Tunoldsvika er ikkje god nok med omsyn til trafikktryggleik (siktzone, stigningsforhold på sideveg og avkøyring i sving) dersom bruk av vegen til Tunold blir auka. Ein føresetnad for ny bebyggelse i området må vera å løyse denne utfordringa.  | *  | ** | <b>MIDDELS NEGATIV KONSEKVENNS</b> |
| Støy             | Tiltaket vil ikkje medføre auke av støy av betydning for miljøet, men fritidsbustadane vil vere utsette for vegtrafikkstøy. Skjermingstiltak med skogbelte mot vegen kan avhjelpe noko av støyen.  | ** | ** | <b>MIDDELS NEGATIV KONSEKVENNS</b> |
| Fiskeinteresser  | Det er ikkje kjent om bekken som går forbi planområdet er gyteområde eller beiteområde for innlandsaure eller sjøaure. Tiltaket vil heller ikkje medføre inngrep i denne elva som vil påverke elva sine kvalitetar for fisk.   | *  | *  | <b>INGEN NEGATIV KONSEKVENNS</b>   |
| Verna vassdrag   | Strynevassdraget er varig verna mot vassdragsutbygging. Også andre tiltak skal vurderast i høve verneverdiane. Tiltaket er planlagt i klasse II-området i Kommunedelplan for differensiert forvaltning av verna vassdrag. Vegbygging utanom vassystemet vert vurdert som «kategori 2-tiltak». Dvs tiltak som normalt ikkje er i konflikt med vernegrnlaget. Utanfor planområdet, nord for fjellknausen, ned mot riksvegen ligg det ei stor jettegryte, ein geologisk formasjon med bevaringsverdi. | ** | *  | <b>LITEN NEGATIV KONSEKVENNS</b>   |

**Samla vurdering og eventuelle alternativ:**

Med atterhald i høve tiltak for trafikktryggleik vil tiltaket gje **liten negativ konsekvens** for miljø og samfunn.

## ROS: TUNOLD - FRITIDSBUSTADER F404

| Natur risiko                                | Aktuelle moment å vurdere. Ikkje uttømmande liste.   | Ja     | Nei         |
|---|--|--------|-------------|
| Skred                                       | Er området utsett for skred ifølgje aktsemdskarta?<br>Er skredfare vurdert?<br>Kan tiltaket gje auka fare for skred?                 | X<br>X | X           |
| Vind/ekstremvær                             | Kan tiltaket verta utsett for skade ved sterk vind/ekstremvær?<br>Kan tiltaket gje auka fare for skade på nærområdet ved ekstremvær? | X      | X           |
| Flaum                                       | Er tiltaket utsett for flaum?<br>Finst flaumsonekart?<br>Kan tiltaket gje auka fare for flaum?                                       |        | X<br>X<br>X |
| Radon                                       | Behov for radonmåling?   |        | X           |
| Klimaendring                                | Er effekt av venta klimaendringar vurdert? Auka nedbør, havnivå m.m.   | X      |             |
| <b>Verksemd risiko</b>                      |  |        |             |
| Eksplosivlager                              | Lager for eksplosivar i eller nær området/tiltaket?  |        | X           |
| Transport av farleg gods                    | Vil tiltaket gje auka sannsyn for uhell ved transport av farleg gods på veg?<br>Vil tiltaket auka konsekvensane ved slikt uhell?     |        | X<br>X      |
| Brannfareområde                             | Vil tiltaket medføra auka brannfare/brannspreiing?<br>Er tilkomst og tilgang på sløkkevatn for brannvesenet tilfredsstillande?       | X<br>X |             |
| Ureina grunn. Deponi                        | Kan grunnen/sjøsedimenta vera ureina av tidlegare bruk?  |        | X           |
| Dambrot                                     | Ligg tiltaket i faresone ved evt. dambrot?   |        | X           |
| Trafikkfare                                 | Er trafikktryggleik vurdert?<br>Medfører tiltaket auka ulykkesrisiko på eks. vegnett?  | X<br>X |             |
| <b>Sårbare objekt</b>                       |  |        |             |
| Skule/barnehage                             | Har tiltaket konsekvensar for trygg skuleveg eller uteområde for skule/barnehage?  |        | X           |
| Institusjonar og viktige offentlege bygg    | Uheldige konsekvensar for institusjonar/offentlege bygningar?  |        | X           |
| Kulturminne                                 | Kan tiltaket medføra skade /risiko for kulturminne?  |        | X           |
| Drikkevatn og avløpsnett                    | Har tiltaket konsekvensar for drikkevasskjelder, inntak, leidningsnett for vatn og avløp?  | X      |             |
| El.- og telenett                            | Har tiltaket konsekvensar for el og telenett? forsyningstryggleik ?  |        | X           |
| Veg og trafikk anlegg. Ferjekaiar, tunnelar | Medfører tiltaket risiko for eks anlegg eller behov for tiltak?  |        | X           |
| Natur                                       | Naturvernområde, viktige område for friluftsliv/rekreasjon.  |        | X           |
| <b>Beredskap</b>                            |  |        |             |
| Politi/brann/ambulansse/lege                | Utløyser tiltaket behov for endra prosedyrar og mannskapsstyrke?   |        | X           |
| Sivilforsvar/Røde kors                      | Medfører tiltaket meiroppgåver for desse?  |        | X           |
| Vasstrykk/sløkkjevatn                       | Utløyser tiltaket behov for forsterka kapasitet?   |        | X           |
| <b>Samvirke av tiltak</b>                   | Er den samla effekten av fleire tiltak i heile planområdet eller i delområde vurdert?  | X      |             |

## 2.6.9. KU: TUNOLD - BUSTADOMRÅDE B403

|                           |   |
|---------------------------|---|
| <b>Område:</b>            | Tunold  |
| <b>Gnr/bnr:</b>           | 34/2  |
| <b>Dagens føremål:</b>    | Landbruks-, Natur- og friluftsføremål (LNF)   |
| <b>Føreslått føremål:</b> | Bustadområde B403   |
| <b>Arealstorleik:</b>     | 9,4 daa   |
| <b>Forslagstillar:</b>    | Grunneigar av 34/2  |
| <b>Skildring:</b>         | Området omfattar nokre eksisterande bygningar og bustader. Det vil vere moglegheiter for å byggje 6-7 nye bustader. Kan nytte eksisterande avkøyrsløse frå Rv. 15. I gjeldande plan ligg det eit område for fritidsbustader litt lengre aust, lengre nede i terrenget. Dette blir no teke ut. |

| Tema                   | Skildring   | Verdi | Omfang | Konsekvens                 |
|------------------------|---|-------|--------|----------------------------|
| <b>Miljø</b>           |   |       |        |                            |
| Naturmangfald          | Skogen i området består av ei blanding av furuskog med ospeholt og gråor langs bekkedrag, og med innslag av små dyrka areal. Naturtypekartlegging er ikkje gjennomført i planområdet. Artsdatabanken viser ingen registrerte artar.   | *     | *      | Liten negativ konsekvens   |
| Viltinteresser         | Det er ikkje kartlagt viktige viltområde i dette planområdet, men med innslag av osp er området eigna for fleire hulrugande artar som spettar og ugler.   | *     | *      | Liten negativ konsekvens   |
| Friluftsliv/folkehelse | I kartlegging av viktige friluftslivområde 2018 er den gamle ferdavegen frå Knartevika til Nesje avmerka som ein viktig grøntkorridor. Denne kjem ovafor innmarksgjerdet på Aarnes inn til Tunoldsvika, fylgjer ny veg og går over gardstunet på Tunold. Grøntkorridoren vert ikkje berørt av det planlagte tiltaket.   | *     | *      | Liten negativ konsekvens   |
| Landskap               | Hovuddalen frå sundet opp til Hjelle og Erdal er i ei prøvekartlegging av landskap, utført av NIJOS, vurdert som eit veldig særmerkt, kontrastrikt og opplevingsrikt landskapsrom. I mindre målestokk er fjellknausane mellom Knartevika og Nesje med på å skape variasjon i terrengformene. Planområdet ligg øvst på den høgaste knausen på Tunold. Det er svært viktig at dette landemerket ikkje får plassert eit dominerande bygg på sjølve toppen, men at bygningsmassen får sin plassering med god utsikt og liten «innsikt». Føresegnar til planen bør regulere dette. Med dette atterhaldet får tiltaket middels stor negativ konsekvens. | ***   | **     | Middels negativ konsekvens |
| Ureining               | I arbeid etter vassforskrifta er vasskvaliteten undersøkt for hovudvassdraget med prøvestasjonar på Soget ved utløpet av Nerfloen. Vasskvaliteten syner god økologisk tilstand. Omfanget av bygging i området gjer det lite sannsynleg at dette vil påverke vasskvaliteten i vatnet.  | ***   | *      | Liten negativ konsekvens   |
| Landbruk               | Området omfattar 2,5 daa overflatedyrka jord, og noko utmark. Arealet er til dels bratt og er ikkje i drift.  | *     | *      | Liten negativ konsekvens   |

|                            |   |    |    |                                    |
|----------------------------|---|----|----|------------------------------------|
| Kulturminne og kulturmiljø | Kommunedelplan for kulturminne omfattar to kulturminne i området (ingen prioritert som Mitt kulturminne); Det gjeld den gamle ferdselsvegen, sør for planområdet, i tillegg til fallossteinen på tunet på Tunold.<br>I tillegg ligg det godt bevarte bakkemurar og skiljemurar fleire stader sør for planområdet. Planområdet ligg slik til at det ikkje berører kjente kulturminne, men plasseringa på dette høgdedraget gjer at det er potensiale for funn av kulturminne.                        | ** | *  | <b>Middels negativ konsekvens</b>  |
| Transportbehov             | Tiltaket vil ikkje i vesentleg grad auke transportbehov i området.  | *  | *  | <b>Ingen konsekvens</b>            |
| Trafikktryggleik           | Avkøyring frå Rv 15 i Tunoldsvika er ikkje god nok med omsyn til trafikktryggleik (siktsone, stigningsforhold på sideveg og avkøyring i sving) dersom bruk av vegen til Tunold blir auka. Ein føresetnad for ny bebyggelse i området må vera å løyse denne utfordringa.   | *  | ** | <b>MIDDELS NEGATIV KONSEKVENNS</b> |
| Støy                       | Tiltaket vil ikkje medføre generering av støy av betydning for miljøet. Avstanden til vegen gjer at ein heller ikkje vil oppleve mykje vegtrafikkstøy i dette bustadfeltet  | ** | *  | <b>LITEN NEGATIV KONSEKVENNS</b>   |
| Fiskeinteresser            | Det er ingen fiskefaglege interesser i planområdet.   | *  | *  | <b>INGEN KONSEKVENNS</b>           |
| Verna vassdrag             | Strynevassdraget er varig verna mot vassdragsutbygging. Også andre tiltak skal vurderast i høve verneverdiane. Tiltaket er planlagt i klasse II-området i Kommunedelplan for differensiert forvaltning av verna vassdrag. Vegbygging utanom vasssystemet vert vurdert som «kategori 2-tiltak». Dvs tiltak som normalt ikkje er i konflikt med vernegrnlaget. Utanfor planområdet, nord for fjellknausen, ned mot riksvegen ligg det ei stor jettegryte, ein geologisk formasjon med bevaringsverdi. | ** | *  | <b>LITEN NEGATIV KONSEKVENNS</b>   |

#### Samla vurdering og eventuelle alternativ:

Føresegner til planen bør hindre plassering av bygg på høgaste punkt på Tunold. Med dette og andre vurderte atterhald får tiltaket middels stor negativ konsekvens for landskap og **liten til middels negativ konsekvens** som ei samla vurdering.

## ROS: TUNOLD - BUSTADOMRÅDE B403

| Natur risiko                                | Aktuelle moment å vurdere. Ikkje uttømmande liste.   | Ja     | Nei         |
|---|--|--------|-------------|
| Skred                                       | Er området utsett for skred ifølgje aktsemdskarta?<br>Er skredfare vurdert?<br>Kan tiltaket gje auka fare for skred?                 | X<br>X | X           |
| Vind/ekstremvær                             | Kan tiltaket verta utsett for skade ved sterk vind/ekstremvær?<br>Kan tiltaket gje auka fare for skade på nærområdet ved ekstremvær? | X      | X           |
| Flaum                                       | Er tiltaket utsett for flaum?<br>Finst flaumsonekart?<br>Kan tiltaket gje auka fare for flaum?                                       |        | X<br>X<br>X |
| Radon                                       | Behov for radonmåling?   |        | X           |
| Klimaendring                                | Er effekt av venta klimaendringar vurdert? Auka nedbør, havnivå m.m.   | X      |             |
| <b>Verksemd risiko</b>                      |  |        |             |
| Eksplosivlager                              | Lager for eksplosivar i eller nær området/tiltaket?  |        | X           |
| Transport av farleg gods                    | Vil tiltaket gje auka sannsyn for uhell ved transport av farleg gods på veg?<br>Vil tiltaket auka konsekvensane ved slikt uhell?     |        | X<br>X      |
| Brannfareområde                             | Vil tiltaket medføra auka brannfare/brannspreiing?<br>Er tilkomst og tilgang på sløkkevatn for brannvesenet tilfredsstillande?       | X<br>X |             |
| Ureina grunn. Deponi                        | Kan grunnen/sjøsedimenta vera ureina av tidlegare bruk?  |        | X           |
| Dambrot                                     | Ligg tiltaket i faresone ved evt. dambrot?   |        | X           |
| Trafikkfare                                 | Er trafikktryggleik vurdert?<br>Medfører tiltaket auka ulykkesrisiko på eks. vegnett?  | X<br>X |             |
| <b>Sårbare objekt</b>                       |  |        |             |
| Skule/barnehage                             | Har tiltaket konsekvensar for trygg skuleveg eller uteområde for skule/barnehage?  |        | X           |
| Institusjonar og viktige offentlege bygg    | Uheldige konsekvensar for institusjonar/offentlege bygningar?  |        | X           |
| Kulturminne                                 | Kan tiltaket medføra skade /risiko for kulturminne?  |        | X           |
| Drikkevatn og avløpsnett                    | Har tiltaket konsekvensar for drikkevasskjelder, inntak, leidningsnett for vatn og avløp?  | X      |             |
| El.- og telenett                            | Har tiltaket konsekvensar for el og telenett? forsyningstryggleik ?  |        | X           |
| Veg og trafikk anlegg. Ferjekaiar, tunnelar | Medfører tiltaket risiko for eks anlegg eller behov for tiltak?  |        | X           |
| Natur                                       | Naturvernområde, viktige område for friluftsliv/rekreasjon.  |        | X           |
| <b>Beredskap</b>                            |  |        |             |
| Politi/brann/ambulansse/lege                | Utløyser tiltaket behov for endra prosedyrar og mannskapsstyrke?   |        | X           |
| Siviltforsvar/Røde kors                     | Medfører tiltaket meiroppgåver for desse?  |        | X           |
| Vasstrykk/sløkkjevatn                       | Utløyser tiltaket behov for forsterka kapasitet?   | X      |             |
| <b>Samvirke av tiltak</b>                   | Er den samla effekten av fleire tiltak i heile planområdet eller i delområde vurdert?  | X      |             |

Kommentar: Ein liten del av området lengst nord-aust er ikkje omfatta av skredfarevurderinga.

## 2.6.10. KU: SANDVIK NORD - BUSTADOMRÅDE B404

|                           |  |
|---------------------------|--|
| <b>Område:</b>            | Sandvik  |
| <b>Gnr/bnr:</b>           | 31/8, 31/11, 31,17, 31/12 og 31/9  |
| <b>Dagens føremål:</b>    | Landbruks-, Natur- og friluftsføremål (LNF)  |
| <b>Føreslått føremål:</b> | Bustadområde B404  |
| <b>Arealstorleik:</b>     | 10,7 daa   |
| <b>Forslagstillar:</b>    | Stryn kommune  |
| <b>Skildring:</b>         | Området omfattar nokre eksisterande bustader, der det er moglegheiter for å byggje 2-3 nye bustader. |

| Tema                       | Skildring  | Verdi | Omfang | Konsekvens                           |
|----------------------------|--|-------|--------|--------------------------------------|
| <b>Miljø</b>               |  |       |        |                                      |
| Naturmangfald              | Naturtypekartlegging er ikkje gjennomført. Arealet består av bebyggelse, beite og flekkar med dyrka jord. Artsdatabanken: Arten fjellskrinneblom er oppført registrert i planområdet, likeeins svartelista arter som hagelupin og parkslirekne.  | *     | *      | Liten negativ konsekvens             |
| Viltinteresser             | Det ornitologiske miljøet har følgd godt opp med kartlegging av fugl i Oppstryn, men det er ingen registreringslokalitet i Sandvik. Lokaliteten har tynn bestand av piggsvin, men har liten verdi totalt sett som viltbiotop.  | *     | *      | Liten negativ verdi.                 |
| Friluftsliv/ folkehelse    | I kartlegging av viktige friluftsområde 2018 er det ikkje registreringar i det aktuelle planområdet.   | *     | *      | Ingen konsekvens                     |
| Landskap                   | Hovuddalen frå sundet opp til Hjelle og Erdal er i ei prøvekartlegging av landskap, utført av NIJOS, vurdert som eit veldig særmerkt, kontrastrikt og opplevingsrikt landskapsrom. Tiltaket vil i liten grad kunne verke negativt i landskapet stor eller liten målestokk.   | ***   | *      | Liten negativ konsekvens             |
| Ureining                   | I arbeid etter vassforskrifta er vasskvaliteten undersøkt for hovudvassdraget med prøvestasjonar på Soget ved utløpet av Nerfloen. Vasskvaliteten syner god økologisk tilstand. Tiltaket vil saman med dei andre byggeprosjekta som ligg i planen for Fosnes, i sum utløyse behov for bygging av eit minireinseanlegg som Sandvik Nord må koplatt til. Dette er ein føresetnad for konsekvensutgreiinga. | **    | *      | Liten negativ konsekvens             |
| Landbruk                   | Området er ikkje kjerneområde for landbruk. Det omfattar 4 små teigar med fulldyrka jord, til saman vel 6 da, og 1 da beite. Areal er til dels bratte.   | *     | *      | Liten negativ konsekvens             |
| Kulturminne og kulturmiljø | Kommunedelplan for kulturminne viser ingen prioriterte kulturminne i planområdet.  | *     | *      | Liten eller ingen negativ konsekvens |
| Transportbehov             | Tiltaket vil ikkje i vesentleg grad auke transportbehov i området.   | *     | *      | Ingen konsekvens                     |
| Trafikktryggleik           | Tiltaket medfører 2-3 nye bustader som vil ha lite å seie for trafikktryggleiken i høve avkjøring frå rv 15.   | *     | *      | LITEN NEGATIV KONSEKVENNS            |
| Støy                       | Tiltaket vil ikkje generere auke i støybelastninga i området. Vegtrafikkstøy frå rv 15 vil verte merkbar i dette området.  | *     | **     | MIDDELS NEGATIV KONSEKVENNS          |

|                 |   |     |   |  |
|-----------------|---|-----|---|--|
| Fiskeinteresser | Det er ingen sidebekkar til vatnet med kjent gyteområde eller beiteområde for innlandsaure eller sjøaure.   | *   | * | <b>INGEN<br/>NEGATIV<br/>KONSEKVENNS</b>                 |
| Verna vassdrag  | Strynevassdraget er varig verna mot vassdragsutbygging. Også andre tiltak skal vurderast i høve verneverdiane. Tiltaket er planlagt i klasse II-området i Kommunedelplan for differensiert forvaltning av verna vassdrag. Bustader som vert bygd utanom vassystemet vert vurdert som «kategori 2-tiltak». Dvs tiltak som normalt ikkje er i konflikt med vernegrnlaget. | *** | * | <b>LITEN ELLER<br/>INGEN<br/>NEGATIV<br/>KONSEKVENNS</b> |

**Samla vurdering og eventuelle alternativ:**

Tiltaket har **liten negativ konsekvens** for miljø og samfunn. Alternative område er presentert i kommunedelplanen.



## ROS: SANDVIK NORD - BUSTADOMRÅDE B404

| Natur risiko                                | Aktuelle moment å vurdere. Ikkje uttømmande liste.   | Ja     | Nei         |
|---|--|--------|-------------|
| Skred                                       | Er området utsett for skred ifølgje aktsemdskarta?<br>Er skredfare vurdert?<br>Kan tiltaket gje auka fare for skred?                 | X<br>X | X           |
| Vind/ekstremvær                             | Kan tiltaket verta utsett for skade ved sterk vind/ekstremvær?<br>Kan tiltaket gje auka fare for skade på nærområdet ved ekstremvær? | X      | X           |
| Flaum                                       | Er tiltaket utsett for flaum?<br>Finst flaumsonekart?<br>Kan tiltaket gje auka fare for flaum?                                       |        | X<br>X<br>X |
| Radon                                       | Behov for radonmåling?   |        | X           |
| Klimaendring                                | Er effekt av venta klimaendringar vurdert? Auka nedbør, havnivå m.m.   | X      |             |
| <b>Verksemd risiko</b>                      |  |        |             |
| Eksplosivlager                              | Lager for eksplosivar i eller nær området/tiltaket?  |        | X           |
| Transport av farleg gods                    | Vil tiltaket gje auka sannsyn for uhell ved transport av farleg gods på veg?<br>Vil tiltaket auka konsekvensane ved slikt uhell?     |        | X<br>X      |
| Brannfareområde                             | Vil tiltaket medføre auka brannfare/brannspreiing?<br>Er tilkomst og tilgang på sløkkevatn for brannvesenet tilfredsstillande?       | X<br>X |             |
| Ureina grunn. Deponi                        | Kan grunnen/sjøsedimenta vera ureina av tidlegare bruk?  |        | X           |
| Dambrot                                     | Ligg tiltaket i faresone ved evt. dambrot?   |        | X           |
| Trafikkfare                                 | Er trafikktryggleik vurdert?<br>Medfører tiltaket auka ulykkesrisiko på eks. vegnett?  | X<br>X |             |
| <b>Sårbare objekt</b>                       |  |        |             |
| Skule/barnehage                             | Har tiltaket konsekvensar for trygg skuleveg eller uteområde for skule/barnehage?  |        | X           |
| Institusjonar og viktige offentlege bygg    | Uheldige konsekvensar for institusjonar/offentlege bygningar?  |        | X           |
| Kulturminne                                 | Kan tiltaket medføre skade /risiko for kulturminne?  |        | X           |
| Drikkevatn og avløpsnett                    | Har tiltaket konsekvensar for drikkevasskjelder, inntak, leidningsnett for vatn og avløp?  | X      |             |
| El.- og telenett                            | Har tiltaket konsekvensar for el og telenett? forsyningstryggleik ?  |        | X           |
| Veg og trafikk anlegg. Ferjekaiar, tunnelar | Medfører tiltaket risiko for eks anlegg eller behov for tiltak?  |        | X           |
| Natur                                       | Naturvernområde, viktige område for friluftsliv/rekreasjon.  |        | X           |
| <b>Beredskap</b>                            |  |        |             |
| Politi/brann/ambulansse/lege                | Utløyser tiltaket behov for endra prosedyrar og mannskapsstyrke?   |        | X           |
| Sivilforsvar/Røde kors                      | Medfører tiltaket meiroppgåver for desse?  |        | X           |
| Vasstrykk/sløkkjevatn                       | Utløyser tiltaket behov for forsterka kapasitet?   |        | X           |
| <b>Samvirke av tiltak</b>                   | Er den samla effekten av fleire tiltak i heile planområdet eller i delområde vurdert?  | X      |             |

## 2.6.11. KU: SANDVIK SØR - BUSTADOMRÅDE B405

|                           |   |
|---------------------------|---|
| <b>Område:</b>            | Sandvik   |
| <b>Skildring:</b>         | Utviding av idrettsområdet må sjåast i samanheng med catski-prosjektet som kommunen deltek i, som ein av fem kommunar i Noreg. |

| Tema                   | Skildring  | Verdi | Omfang | Konsekvens                           |
|------------------------|--|-------|--------|--------------------------------------|
| <b>Miljø</b>           |  |       |        |                                      |
| Naturmangfald          | Naturtypekartlegging er ikkje gjennomført. Arealet består for det meste av bart fjell, tid- og periodevis dekt av bre-is, og med blokkmark i sidene til Kvitlenova og Nuken. Vegetasjonsdekke berre på mindre moreneryggar som er blottlagt for is. Aktiviteten som kjem som følgje av arealomdisponeringa skjer på breis og i blokkmark, og vil i liten grad berøre vegetasjon. Ingen verneverdig geologisk forekomst er registrert i området.  | *     | **     | Liten eller ingen konsekvens         |
| Viltinteresser         | Området ligg i Reinheimen villreinområde. Fjelltangane mot vest (som Langvasseggi-Ospelifjell) utgjer viktige barmarksbeite, men villreinen er svært sjeldan å observere så langt vest som Tystigbreen og Nuken. Ingen historisk viktige trekkveggar for villreinen går gjennom området. Det er heller ikkje registrert viktige trekk for anna hjortevilt i planområdet sjølv om både hjort og rådyr frå tid til annan vert observert i alpinområdet på Tystigen. Det kan verke som Strynefjellet er ei viltgeografisk barriere for fleire viltartar. Planområdet har leveområde for begge rypeartane og ramn. Arealet ligg innafor territoriet til eitt hekkande kongeørnpar. Fugleartar som er registrert i Artsdatabanken på Tystigen er fjellrype, snøspurv, ramn og heipiplerke. Utviding av idrettsområdet er forventa å endre lite på situasjonen for viltet i området. | **    | *      | Liten til middels negativ konsekvens |
| Friluftsliv/folkehelse | Tystigbreen er kartlagt som svært viktig friluftslivområde i kartlegginga i 2018. Friluftslivområdet er identisk med arealet avsett til idrett. Dei fleste friluftslivutøvarar har sommarskiseret som innfallsport, og nyttar stolheisen i anlegget for å kome opp på breen. Det vert mellom anna køyrt opp løyper på breen som friluftslivet nyt godt av. Tystigbreen har mange brukarar i mai og juni månad. Dette er hovudsesongen for skianlegget. Utan skiseret ville bruken av området vore langt lågare.  | ***   | *      | Liten Negativ konsekvens             |
| Landskap               | Planområdet er eit typisk brelandskap, men utypisk ved at ein frå dette landskapsrommet har utsikt til dei frodige fjordbotnane i regionen. Endringa i høve tidlegare bruk av området er liten. Ein vil få inn ein del nye brukarar som kan føre til fleire menneske over ei   | ***   | *      | Liten negativ konsekvens             |

|                            |   |     |   |   |
|----------------------------|---|-----|---|---|
|                            | litt lengre tidsperiode enn i dag. Oppkøyrde, merka skiløyper er normalt lite skjemmande i eit snø- og islandskap som dette. Og naturopplevinga med ein tur over breen vert i liten grad endra med tiltaket.  |     |   |   |
| Ureining                   | Det er sett i gang prosjekt for å sikre alternative energiformer for drift av eksisterande og framtidige anlegg på Tystigen i form av elektrisk straum. Utviding av idrettsområdet er ei formalisering av tidlegare faktisk bruk av området, og vil i liten grad føre til meir ureining. Ved å gå vekk frå bruk av diesel som drivstoff vil ein også få vekk problemet med dieselsøl og ureining av grunnen som tidlegare har vore eit problem. Med overgang til straum som alternativ energiberar vil konsekvensen av utvidinga av området vera små. | *   |   | <b>Liten negativ konsekvens</b>             |
| Kulturminne og kulturmiljø | Kommunedelplan for kulturminne viser ingen prioriterte kulturminne i planområdet.   | *   | * | <b>Liten eller ingen negativ konsekvens</b> |
| Støy                       | Stryn er med på ei 6-årig prøveordning med catskiing på Stryn sommarskiser. I prøveperioden vil det verte ein del meir bruk av trakkemaskinene til frakt av skikøyrarar. Støynivået i desse trakkemaskinene er svært lågt, samanlikna til dømes med snøscooter.   |     | * | <b>LITEN NEGATIV KONSEKVENNS</b>            |
| Fiskeinteresser            | Det går ingen fiskeførande bekkar i det utvida idrettsområdet på Tystigbreen  | *   | * | <b>INGEN NEGATIV KONSEKVENNS</b>            |
| Verna vassdrag             | Strynevassdraget er varig verna mot vassdragsutbygging. Også andre tiltak skal vurderast i høve verneverdiane. Tiltaket er planlagt i klasse III-området i Kommunedelplan for differensiert forvaltning av verna vassdrag. Det er ikkje planlagt tiltak i idrettsområdet som er definert som konfliktfylte i høve verneplanen (ingen bygningar, nye vegar, massetak el.l).  | *** | * | <b>LITEN NEGATIV KONSEKVENNS</b>            |

**Samla vurdering og eventuelle alternativ:**

Tiltaket har **liten negativ konsekvens** for miljø og samfunn. Arealet har tidlegare vore nytta i tråd med noverande planar, men dette har skjedd utan avklaring i høve oversiktsplan.

## ROS: TYSTIGEN – UTVIDING AV IDRETTSOMRÅDE ID403

| Natur risiko                                | Aktuelle moment å vurdere. Ikkje uttømmende liste.   | Ja | Nei         |
|---|--|----|-------------|
| Skred                                       | Er området utsett for skred ifølgje aktsemdskarta?<br>Er skredfare vurdert?<br>Kan tiltaket gje auka fare for skred?                 | x  | x<br>x      |
| Vind/ekstremvær                             | Kan tiltaket verta utsett for skade ved sterk vind/ekstremvær?<br>Kan tiltaket gje auka fare for skade på nærområdet ved ekstremvær? |    | x<br>x      |
| Flaum                                       | Er tiltaket utsett for flaum?<br>Finst flaumsonekart?<br>Kan tiltaket gje auka fare for flaum?                                       |    | x<br>x<br>x |
| Radon                                       | Behov for radonmåling?   |    | x           |
| Klimaendring                                | Er effekt av venta klimaendringar vurdert? Auka nedbør, havnivå m.m.   | x  |             |
| <b>Verksemd risiko</b>                      |  |    |             |
| Eksplosivlager                              | Lager for eksplosivar i eller nær området/tiltaket?  |    | x           |
| Transport av farleg gods                    | Vil tiltaket gje auka sannsyn for uhell ved transport av farleg gods på veg?<br>Vil tiltaket auka konsekvensane ved slikt uhell?     |    | x<br>x      |
| Brannfareområde                             | Vil tiltaket medføre auka brannfare/brannspreiing?<br>Er tilkomst og tilgang på sløkkevatn for brannvesenet tilfredsstillande?       | x  | X           |
| Ureina grunn. Deponi                        | Kan grunnen/sjøsedimenta vera ureina av tidlegare bruk?  | x  |             |
| Dambrot                                     | Ligg tiltaket i faresone ved evt. dambrot?   |    | X           |
| Trafikkfare                                 | Er trafikktryggleik vurdert?<br>Medfører tiltaket auka ulykkesrisiko på eks. vegnett?  | x  | x           |
| <b>Sårbare objekt</b>                       |  |    |             |
| Skule/barnehage                             | Har tiltaket konsekvensar for trygg skuleveg eller uteområde for skule/barnehage?  |    | x           |
| Institusjonar og viktige offentlege bygg    | Uheldige konsekvensar for institusjonar/offentlege bygningar?  |    | X           |
| Kulturminne                                 | Kan tiltaket medføre skade /risiko for kulturminne?  |    | X           |
| Drikkevatn og avløpsnett                    | Har tiltaket konsekvensar for drikkevasskjelder, inntak, leidningsnett for vatn og avløp?  | x  |             |
| El.- og telenett                            | Har tiltaket konsekvensar for el og telenett? forsyningstryggleik ?  |    | X           |
| Veg og trafikk anlegg. Ferjekaiar, tunnelar | Medfører tiltaket risiko for eks anlegg eller behov for tiltak?  |    | X           |
| Natur                                       | Naturvernområde, viktige område for friluftsliv/rekreasjon.  | x  |             |
| <b>Beredskap</b>                            |  |    |             |
| Politi/brann/ambulansse/lege                | Utløyser tiltaket behov for endra prosedyrar og mannskapsstyrke?   |    | x           |
| Sivilforsvar/Røde kors                      | Medfører tiltaket meiroppgåver for desse?  |    | X           |
| Vasstrykk/sløkkjevatn                       | Utløyser tiltaket behov for forsterka kapasitet?   |    | X           |
| <b>Samvirke av tiltak</b>                   | Er den samla effekten av fleire tiltak i heile planområdet eller i delområde vurdert?  | x  |             |

Kommentar:

Tiltaket kan ha konsekvensar for drikkevatnet ved Videseter Hotel.

## 2.6.17. KU: TYSTIGEN – SMÅKRAFTVERK E401

|                           |   |
|---------------------------|---|
| <b>Område:</b>            | Tystigen  |
| <b>Gnr/bnr:</b>           | 15/7  |
| <b>Dagens føremål:</b>    | Landbruks-, Natur- og friluftsføremål (LNF)   |
| <b>Føreslått føremål:</b> | Andre typar bygningar og anlegg: Småkraftverk E401  |
| <b>Arealstorleik:</b>     | 46,4 daa  |
| <b>Forslagstillar:</b>    | Stryn kommune/SINTEF  |
| <b>Skildring:</b>         | Stryn sommarski nyttar i dag dieselaggregat som energikjelde. Området er tenkt nytta til eit framtidig småkraftverk, som er planlagt som energikjelde for sommarskiserteret. Dette er ein del av klimaprojektet som kommunen deltek i, der SINTEF er ein aktør. |

| Tema                   | Skildring  | Verdi | Omfang | Konsekvens                        |
|------------------------|--|-------|--------|-----------------------------------|
| <b>Miljø</b>           |  |       |        |                                   |
| Naturmangfald          | Naturtypekartlegging er ikkje gjennomført i planområdet, som ligg i alpin sone vegetasjonsgeografisk. Kartlegging er utført i eit mindre område ved Videseter, som det næraste der det mellom anna er registrert svært interessant plantesamfunn som skuldast fossesprøyt både frå Videfossen og Øvstefoss. Elvestryket der småkraftverk er vurdert har for slakt fall til å gje fosseprøyt over eit større område kring fossen, men kan utgjera eit supplement for samanlikning med dei mange andre fossefalla i Videdøla. Artsdatabanken viser observasjon av raudlistearten fiskemåke, issoleie, blåstrupe og Bergirisk på Tystigen. Planområdet er prega av menneskelege inngrep langsmed og ovafor området i form av veg, bru, parkering og anleggsverksemd. Småkraftverk som elvekraftverk vil redusere fossesprøyteeffekten og kan få ein viss innverknad på plantesamfunnet. | *     | **     | <b>Middels negativ konsekvens</b> |
| Viltinteresser         | Vassdraget er godt eigna for fossefall. Det er fisk i vassdraget, noko som gjer det naturleg for oter å ta i bruk vassdraget. Kongeørn har hekkeområde i dalføret. Interessante arter som er funne i området er sandlo, ringtrost og heippiplerke, i tillegg til dei raudlista artane nemnde over. I planområdet er det få fugleartar vil kunne finne hekkebiotop.   | *     | *      | <b>Liten negativ konsekvens</b>   |
| Friluftsliv/folkehelse | Det er ikkje kartlagt viktig friluftslivområde i elvegjølet der tiltaket er planlagt. Fossefallet er nærast utilgjengeleg som oppleving for dei forbi-passarande på Strynefjellsvegen. Ovafor aktuelt inntak består elva av vatn og elvestryk som er godt tilgjengeleg for fritidsfiske og naturoppleving. Nedanfor tiltaksområdet er elva opplevingsrik, men er terrengmessig lite tilgjengeleg til ulike aktiviteter på grunn av fare.   | *     | *      | <b>Liten negativ konsekvens</b>   |
| Landskap               | Planområdet ligg på brekket i Videdalen der innlandsisen passerte ut mot Nordfjorden. Kontrasten mellom det golde fjellandskapet og utsynet til den  | *     | *      | <b>Liten negativ konsekvens</b>   |

|                            |   |     |    |  |
|----------------------------|---|-----|----|--|
|                            | frodige Skåradalen er veldig stor. Dette er mellom dei mest opplevingsrike utgangspunkta ein kan finne i overgangen mellom øst og vest.<br>Frå gamle Strynefjellsvegen er planområdet nærast usynleg. Berre inntaksdam og eit eventuelt turbinhus vil vere synleg. Tiltaket vil ha liten eller ingen verknad på naturopplevinga i området.  |     |    |  |
| Ureining                   | Tiltaket har som mål å redusere ureining både til grunnen og til lufta; Kraftverket skal erstatte bruken av meir enn 20 000 liter diesel pr år og fjerne faren for ny ureining av grunnen og gje eit godt bidrag i høve reduksjon av menneskeskapte klimaendringar. Heile føresetnaden for tiltaket er at det vil gje stor positiv konsekvens i høve ureining.  | *   |    | <b>Stor positiv konsekvens</b>               |
| Kulturminne og kulturmiljø | Kommunedelplan for kulturminne viser ingen prioriterte kulturminne i planområdet.   | *   | *  | Liten eller ingen negativ konsekvens         |
| Transportbehov             | Tiltaket vil ikkje auke transportbehov etter at kraftverket er bygd.  |     |    | <b>Liten negativ konsekvens</b>              |
| Støy                       | Det er ikkje føresett at kraftverket vil gje auka støybelastning i området.   |     |    | <b>LITEN NEGATIV KONSEKVENNS</b>             |
| Fiskeinteresser            | Aure finst i Langevatnet ovafor planområdet og har naturleg spreiding nedover i vassdraget, utan sjanse til å gå opp igjen. Fiske etter aure går fyrst og fremst føre seg i Langevatnet og i elvane mellom vatna ovafor Langevatnet. Aurestamma vil verte skadelidande av eit elvekraftverk ved at fisk kan gå i turbinen.  | *   | ** | <b>MIDDELS NEGATIV KONSEKVENNS</b>           |
| Verna vassdrag             | Strynevassdraget er varig verna mot vassdragsutbygging. Også andre tiltak skal vurderast i høve verneverdiane. Tiltaket er planlagt i klasse III-området i Kommunedelplan for differensiert forvaltning av verna vassdrag. I denne verneklassa i planen er tiltakstypen «småskala vasskraftutbygging med effekt opp til 1000 kW» vurdert til å vera eit kategori 3-tiltak. Det vil seie at tiltaket normalt vil vera i konflikt med vernegrnlaget, og der vernegrnlaget, og omfang, detaljering og utforming av inngrepet avgjer om tiltaket kan utførast. Frå gamle Strynefjellsvegen, som er den einaste ferdselssona i planområdet for eventuell utbygging, er det ingen tilkomst og ingen innsiktssone anna enn til inntakspunktet. Prosjektet er i utgreiingsfase. | *** | *  | <b>LITEN TIL MIDDELS NEGATIV KONSEKVENNS</b> |

#### Samla vurdering og eventuelle alternativ:

Som «klimatiltak» har tiltaket stor positiv konsekvens, medan tiltaket har liten negativ konsekvens for andre miljø- og samfunnsinteresser. Alternative tiltak for å erstatte dieselbruk med meir miljøvennleg energikjelde vert utgreidd i eige prosjekt.

## ROS: TYSTIGEN – SMÅKRAFTVERK E401

| Natur risiko                                | Aktuelle moment å vurdere. Ikkje uttømmande liste.   | Ja     | Nei    |
|---|--|--------|--------|
| Skred                                       | Er området utsett for skred ifølgje aktsemdskarta?<br>Er skredfare vurdert?<br>Kan tiltaket gje auka fare for skred?                 | X      | X<br>X |
| Vind/ekstremvær                             | Kan tiltaket verta utsett for skade ved sterk vind/ekstremvær?<br>Kan tiltaket gje auka fare for skade på nærområdet ved ekstremvær? | X      | X      |
| Flaum                                       | Er tiltaket utsett for flaum?<br>Finst flaumsonekart?<br>Kan tiltaket gje auka fare for flaum?                                       | X      | X<br>X |
| Radon                                       | Behov for radonmåling?   |        | X      |
| Klimaendring                                | Er effekt av venta klimaendringar vurdert? Auka nedbør, havnivå m.m.   | X      |        |
| <b>Verksemd risiko</b>                      |  |        |        |
| Eksplosivlager                              | Lager for eksplosivar i eller nær området/tiltaket?  |        | X      |
| Transport av farleg gods                    | Vil tiltaket gje auka sannsyn for uhell ved transport av farleg gods på veg?<br>Vil tiltaket auka konsekvensane ved slikt uhell?     |        | X<br>X |
| Brannfareområde                             | Vil tiltaket medføra auka brannfare/brannspreiing?<br>Er tilkomst og tilgang på sløkkevatn for brannvesenet tilfredsstillande?       |        | X      |
| Ureina grunn. Deponi                        | Kan grunnen/sjøsedimenta vera ureina av tidlegare bruk?  | X      |        |
| Dambrot                                     | Ligg tiltaket i faresone ved evt. dambrot?   |        | X      |
| Trafikkfare                                 | Er trafikktryggleik vurdert?<br>Medfører tiltaket auka ulykkesrisiko på eks. vegnett?  | X<br>X |        |
| <b>Sårbare objekt</b>                       |  |        |        |
| Skule/barnehage                             | Har tiltaket konsekvensar for trygg skuleveg eller uteområde for skule/barnehage?  |        | X      |
| Institusjonar og viktige offentlege bygg    | Uheldige konsekvensar for institusjonar/offentlege bygningar?  |        | X      |
| Kulturminne                                 | Kan tiltaket medføra skade /risiko for kulturminne?  |        | X      |
| Drikkevatn og avløpsnett                    | Har tiltaket konsekvensar for drikkevasskjelder, inntak, leidningsnett for vatn og avløp?  | X      |        |
| El.- og telenett                            | Har tiltaket konsekvensar for el og telenett? forsyningstryggleik ?  | X      |        |
| Veg og trafikk anlegg. Ferjekaiar, tunnelar | Medfører tiltaket risiko for eks anlegg eller behov for tiltak?  |        | X      |
| Natur                                       | Naturvernområde, viktige område for friluftsliv/rekreasjon.  | X      |        |
| <b>Beredskap</b>                            |  |        |        |
| Politi/brann/ambulansse/lege                | Utløyser tiltaket behov for endra prosedyrar og mannskapsstyrke?   |        | X      |
| Sivilforsvar/Røde kors                      | Medfører tiltaket meiroppgåver for desse?  |        | X      |
| Vasstrykk/sløkkjevatn                       | Utløyser tiltaket behov for forsterka kapasitet?   |        | X      |
| <b>Samvirke av tiltak</b>                   | Er den samla effekten av fleire tiltak i heile planområdet eller i delområde vurdert?  | X      |        |

## 2.6.18. KU: HOGANE AUST (GUDDAL) – BUSTADOMRÅDE B425

|                           |  |
|---------------------------|--|
| <b>Område:</b>            | Hogane (Guddal)  |
| <b>Gnr/bnr:</b>           | 14/9, 14/8, 14/12, 14/11 og 14/6   |
| <b>Dagens føremål:</b>    | Landbruks-, Natur- og friluftsføremål (LNF)  |
| <b>Føreslått føremål:</b> | Bustadområde B425  |
| <b>Arealstorleik:</b>     | 14,9 daa   |
| <b>Forslagstillar:</b>    | Stryn kommune  |
| <b>Skildring:</b>         | Dette er eit område som i dag delvis består av eksisterande bustader og fritidsbustader. Ved å utvide dette området kan det vere mogleg å bygge 2-3 nye einbustader. |

| Tema                       | Skildring  | Verdi | Omfang | Konsekvens                           |
|----------------------------|--|-------|--------|--------------------------------------|
| <b>Miljø</b>               |  |       |        |                                      |
| Naturmangfald              | Naturtypekartlegging er ikkje gjennomført for dette planområdet<br>Artsdatabanken viser ingen registrerte artar.   | *     | *      | Liten negativ konsekvens.            |
| Viltinteresser             | Det er ikkje kartlagt viktige viltområde i planområdet, men mosaikken i landskap og biotoptypar skulle tilseie eit potensielt viktig leveområde for fleire artar.  | *     | *      | Liten negativ konsekvens             |
| Friluftsliv/folkehelse     | Lysløypa Folven – Skåre (område nr 186) er kartlagt som viktig friluftslivområde. Løypa går i ei kort sløyfe nord for planområdet og vert brukt til skirenn og vinteraktivitet i regi av Oppstryn idrettslag. Løypetraseen har stor verdi også som turtrase på barmark for Hjelledalen, og gjev positiv verdi for dei to planlagde bustadfelt på Guddal.   | **    | *      | Stor positiv konsekvens              |
| Landskap                   | Planområdet ligg i Hjelledalen, i dalmøtet mellom Skåradalen/Videdalen og Sunndalen. Kulturlandskapet aust for planområdet, frå Humlegardshaugen og austover, vart tidlegare vurdert som eit viktig og bevaringsverdig kulturlandskap med hagemarker og slåttenger. Dette er delvis grodd igjen. Planområdet er lett synleg frå allfarveg. Her ligg fleire bustadhus i området frå før. Byggefeltet vil difor i liten grad forringe landskapskvalitetar i området. | **    | *      | Liten negativ konsekvens             |
| Ureining                   | I arbeid etter vassforskrifta er vasskvaliteten i Hjelledøla undersøkt med prøvestasjon på Hjelle. Vasskvaliteten syner god økologisk tilstand. Det er ein føresetnad i konsekvensutgreiinga at etableringa av dei to bustadfelt i området ikkje fører til dårlegare vasskvalitet. Dette inneber at ein må finne felles avløpsordning for eit større geografisk område når tal pe-einingar overstig grenseverdier.   | **    | *      | Liten negativ konsekvens             |
| Landbruk                   | Området er ikkje registrert som kjerneområde for landbruk. Det omfattar ca 2 da fulldyrka jord og 1 da overflatedyrka. Det grensar delvis inntil ein teig med fulldyrka jord, men vil truleg ikkje vere særleg konfliktfyllt.  | *     | *      | Liten negativ konsekvens             |
| Kulturminne og kulturmiljø | Kommunedelplan for kulturminne viser ingen prioriterte kulturminne i planområdet.  | *     | *      | Liten eller ingen negativ konsekvens |

|                  |  |     |     |                                       |
|------------------|--|-----|-----|---------------------------------------|
| Transportbehov   | Etableringa av bustadfeltet vil ikkje føre til vesentleg auka transportbehov så lenge ein har skule, nærbutikk og forsamlingshus i bygda.  | **  | *   | Liten negativ konsekvens              |
| Trafikktryggleik | Avkøyeringa til bustadfeltet frå Rv 15 er veldig trafikkfarleg.  |     | *** | STOR NEGATIV KONSEKVENNS              |
| Støy             | God avstand til rv 15 gjer at planområdet vil vera lite til middels påverka av vegtrafikkstøy.   |     |     | LITEN TIL MIDDELS NEGATIV KONSEKVENNS |
| Fiskeinteresser  | Hjelledøla forbi planområdet har ein tynn bestand av innlandsaure. Ingen fiskeførande bekkar er kartlagde i området. Tiltaket vil berre kunne verke inn på fiskeinteressene gjennom ein akutt ureiningsituasjon som normalt ikkje skal skje.   | *   | *   | INGEN NEGATIV KONSEKVENNS             |
| Verna vassdrag   | Strynevassdraget er varig verna mot vassdragsutbygging. Også andre tiltak skal vurderast i høve verneverdiane. Tiltaket er planlagt i klasse II-området i Kommunedelplan for differansiert forvaltning av verna vassdrag. Bustader som vert bygde utanom vassystemet vert vurdert som «kategori 2-tiltak». Dvs tiltak som normalt ikkje er i konflikt med vernegrnlaget. Bustadane er planlagde med avstand til Hjelledøla, utan trong for tiltak i elveleiet. | *** | *   | LITEN NEGATIV KONSEKVENNS             |

**Samla vurdering og eventuelle alternativ:**

Oppsummert gjev tiltaket liten negativ konsekvens i høve miljø og samfunn. Det er sett krav om etablering av trafikksikker tilkomst før området blir teke i bruk, og at tilkomst frå Rv. 15 skal skje via B426.



## ROS: HOGANE AUST (GUDDAL) – BUSTADOMRÅDE B425

| Natur risiko                                | Aktuelle moment å vurdere. Ikkje uttømmande liste.   | Ja     | Nei         |
|---|--|--------|-------------|
| Skred                                       | Er området utsett for skred ifølgje aktsemdskarta?<br>Er skredfare vurdert?<br>Kan tiltaket gje auka fare for skred?                 | X<br>X | X<br>X      |
| Vind/ekstremvær                             | Kan tiltaket verta utsett for skade ved sterk vind/ekstremvær?<br>Kan tiltaket gje auka fare for skade på nærområdet ved ekstremvær? | X      | X           |
| Flaum                                       | Er tiltaket utsett for flaum?<br>Finst flaumsonekart?<br>Kan tiltaket gje auka fare for flaum?                                       |        | X<br>X<br>X |
| Radon                                       | Behov for radonmåling?   |        | X           |
| Klimaendring                                | Er effekt av venta klimaendringar vurdert? Auka nedbør, havnivå m.m.   | X      |             |
| <b>Verksemd risiko</b>                      |  |        |             |
| Eksplosivlager                              | Lager for eksplosivar i eller nær området/tiltaket?  |        | X           |
| Transport av farleg gods                    | Vil tiltaket gje auka sannsyn for uhell ved transport av farleg gods på veg?<br>Vil tiltaket auka konsekvensane ved slikt uhell?     |        | X<br>X      |
| Brannfareområde                             | Vil tiltaket medføra auka brannfare/brannspreiing?<br>Er tilkomst og tilgang på sløkkevatn for brannvesenet tilfredsstillande?       | X<br>X |             |
| Ureina grunn. Deponi                        | Kan grunnen/sjøsedimenta vera ureina av tidlegare bruk?  |        | X           |
| Dambrot                                     | Ligg tiltaket i faresone ved evt. dambrot?   |        | X           |
| Trafikkfare                                 | Er trafikktryggleik vurdert?<br>Medfører tiltaket auka ulykkesrisiko på eks. vegnett?  | X<br>X |             |
| <b>Sårbare objekt</b>                       |  |        |             |
| Skule/barnehage                             | Har tiltaket konsekvensar for trygg skuleveg eller uteområde for skule/barnehage?  |        | X           |
| Institusjonar og viktige offentlege bygg    | Uheldige konsekvensar for institusjonar/offentlege bygningar?  |        | X           |
| Kulturminne                                 | Kan tiltaket medføra skade /risiko for kulturminne?  |        | X           |
| Drikkevatn og avløpsnett                    | Har tiltaket konsekvensar for drikkevasskjelder, inntak, leidningsnett for vatn og avløp?  | X      |             |
| El.- og telenett                            | Har tiltaket konsekvensar for el og telenett? forsyningstryggleik ?  |        | X           |
| Veg og trafikk anlegg. Ferjekaiar, tunnelar | Medfører tiltaket risiko for eks anlegg eller behov for tiltak?  |        | X           |
| Natur                                       | Naturvernområde, viktige område for friluftsliv/rekreasjon.  |        | X           |
| <b>Beredskap</b>                            |  |        |             |
| Politi/brann/ambulansse/lege                | Utløyser tiltaket behov for endra prosedyrar og mannskapsstyrke?   |        | X           |
| Siviltforsvar/Røde kors                     | Medfører tiltaket meiroppgåver for desse?  |        | X           |
| Vasstrykk/sløkkjevatn                       | Utløyser tiltaket behov for forsterka kapasitet?   |        | X           |
| <b>Samvirke av tiltak</b>                   | Er den samla effekten av fleire tiltak i heile planområdet eller i delområde vurdert?  | X      |             |

## 2.6.19. KU: HOGANE VEST (GUDDAL) – BUSTADOMRÅDE B426

|                           |  |
|---------------------------|--|
| <b>Område:</b>            | Hogane (Guddal)  |
| <b>Gnr/bnr:</b>           | 14/14, 14/6, 14/21, 14/18 og 14/2  |
| <b>Dagens føremål:</b>    | Landbruks-, Natur- og friluftsføremål (LNF)  |
| <b>Føreslått føremål:</b> | Bustadområde B426  |
| <b>Arealstorleik:</b>     | 18,4 daa   |
| <b>Forslagstillar:</b>    | Stryn kommune og grunneigar  |
| <b>Skildring:</b>         | <p>Dette er eit område som i dag delvis består av eksisterande bustader og fritidsbustader. Ved å utvide dette området kan det vere mogleg å byggje 6-8 nye einebustader. Området kan ha to tilkomstar, både frå vest og aust.</p> |

| Tema                       | Skildring  | Verdi | Omfang | Konsekvens                           |
|----------------------------|--|-------|--------|--------------------------------------|
| <b>Miljø</b>               |  |       |        |                                      |
| Naturmangfald              | Naturtypekartlegging er ikkje gjennomført for dette planområdet, som består av lauvskog i overgang til beite og fleire felt med dyrka areal. Artsdatabanken viser ingen registrerte artar.   | *     | *      | Liten negativ konsekvens.            |
| Viltinteresser             | Det er ikkje kartlagt viktige viltområde i planområdet, men mosaikken i landskap og biotoptypar skulle tilseie eit potensielt viktig leveområde for fleire artar.  | *     | *      | Liten negativ konsekvens             |
| Friluftsliv/folkehelse     | Løypa Folven – Skåre (område nr 186) er kartlagt som viktig friluftslivområde. Løypa går i ei kort sløyfe nord for planområdet og vert brukt til skirenn og vinteraktivitet i regi av Oppstryn idrettslag. Løypetraseen har stor verdi også som turtrase på barmark for Hjelledalen, og gjev positiv verdi for dei to planlagde bustadfelta på Guddal.   | **    | *      | Stor positiv konsekvens              |
| Landskap                   | Planområdet ligg i Hjelledalen, i dalmøtet mellom Skåradalen/Videdalen og Sunndalen. Kulturlandskapet aust for planområdet, frå Humlegardshaugen og austover, vart tidlegare vurdert som eit viktig og bevaringsverdig kulturlandskap med hagemarker og slåttenger. Dette er delvis grodd igjen. Planområdet er lett synleg frå allfarveg. Her ligg fleire bustadhus i området frå før. Byggefeltet vil difor i liten grad forringe landskapskvalitetar i området. | **    | *      | Liten negativ konsekvens             |
| Ureining                   | I arbeid etter vassforskrifta er vasskvaliteten i Hjelledøla undersøkt med prøvestasjon på Hjelle. Vasskvaliteten syner god økologisk tilstand. Det er ein føresetnad i konsekvensutgreiinga at etableringa av dei to bustadfelta i området ikkje fører til dårlegare vasskvalitet. Dette inneber at ein må finne felles avløpsordning for eit større geografisk område når tal pe-einingar overstig grenseverdiar.  | **    | *      | Liten negativ konsekvens             |
| Landbruk                   | Området er ikkje registrert som kjerneområde for landbruk. Det omfattar ca 3,6 da fulldyrka jord og 4,5 da beite. Det grensar delvis inntil ein teig med fulldyrka jord.   | *     | *      | Liten negativ konsekvens             |
| Kulturminne og kulturmiljø | Kommunedelplan for kulturminne viser ingen prioriterte kulturminne i planområdet.  | *     | *      | Liten eller ingen negativ konsekvens |

|                  |   |     |     |                                       |
|------------------|---|-----|-----|---------------------------------------|
| Transportbehov   | Etablering av bustadfeltet vil ikkje føre til vesentleg auka transportbehov så lenge ein har skule, nærbutikk og forsamlingshus i bygda.  | **  | *   | Liten negativ konsekvens              |
| Trafikktryggleik | Avkøyringa til bustadfeltet frå Rv 15 er veldig trafikkfarleg.  | *   | *** | STOR NEGATIV KONSEKVENNS              |
| Støy             | God avstand til rv 15 gjer at planområdet vil vera lite til middels påverka av vegtrafikkstøy.  | *   | *   | LITEN TIL MIDDELS NEGATIV KONSEKVENNS |
| Fiskeinteresser  | Hjelledøla forbi planområdet har ein tynn bestand av innlandsaure. Ingen fiskeførande bekkar er kartlagde i området. Tiltaket vil berre kunne verke inn på fiskeinteressene gjennom ein akutt ureiningsituasjon som normalt ikkje skal skje.  | *   | *   | INGEN NEGATIV KONSEKVENNS             |
| Verna vassdrag   | Strynevassdraget er varig verna mot vassdragsutbygging. Også andre tiltak skal vurderast i høve verneverdiane. Tiltaket er planlagt i klasse II-området i Kommunedelplan for differensiert forvaltning av verna vassdrag. Bustader som vert bygde utanom vassystemet vert vurdert som «kategori 2-tiltak». Dvs tiltak som normalt ikkje er i konflikt med vernegrnlaget. Bustadane er planlagt med avstand til Hjelledøla, utan trong for tiltak i elveleiet. | *** | *   | LITEN NEGATIV KONSEKVENNS             |

**Samla vurdering og eventuelle alternativ:**

Oppsummert gjev tiltaket liten negativ konsekvens i høve miljø og samfunn. Det er sett krav om etablering av trafikksikker tilkomst før området blir teke i bruk.

## ROS: HOGANE VEST (GUDDAL) – BUSTADOMRÅDE B426

| Natur risiko                                | Aktuelle moment å vurdere. Ikkje uttømmande liste.   | Ja     | Nei         |
|---|--|--------|-------------|
| Skred                                       | Er området utsett for skred ifølgje aktsemdskarta?<br>Er skredfare vurdert?<br>Kan tiltaket gje auka fare for skred?                 | X<br>X | X<br>X      |
| Vind/ekstremvær                             | Kan tiltaket verta utsett for skade ved sterk vind/ekstremvær?<br>Kan tiltaket gje auka fare for skade på nærområdet ved ekstremvær? | X      | X           |
| Flaum                                       | Er tiltaket utsett for flaum?<br>Finst flaumsonekart?<br>Kan tiltaket gje auka fare for flaum?                                       |        | X<br>X<br>X |
| Radon                                       | Behov for radonmåling?   |        | X           |
| Klimaendring                                | Er effekt av venta klimaendringar vurdert? Auka nedbør, havnivå m.m.   |        | X           |
| <b>Verksemd risiko</b>                      |  |        |             |
| Eksplosivlager                              | Lager for eksplosivar i eller nær området/tiltaket?  |        | X           |
| Transport av farleg gods                    | Vil tiltaket gje auka sannsyn for uhell ved transport av farleg gods på veg?<br>Vil tiltaket auka konsekvensane ved slikt uhell?     |        | X<br>X      |
| Brannfareområde                             | Vil tiltaket medføra auka brannfare/brannspreiing?<br>Er tilkomst og tilgang på sløkkevatn for brannvesenet tilfredsstillande?       | X<br>X |             |
| Ureina grunn. Deponi                        | Kan grunnen/sjøsedimenta vera ureina av tidlegare bruk?  |        | X           |
| Dambrot                                     | Ligg tiltaket i faresone ved evt. dambrot?   |        | X           |
| Trafikkfare                                 | Er trafikktryggleik vurdert?<br>Medfører tiltaket auka ulykkesrisiko på eks. vegnett?  | X      | X           |
| <b>Sårbare objekt</b>                       |  |        |             |
| Skule/barnehage                             | Har tiltaket konsekvensar for trygg skuleveg eller uteområde for skule/barnehage?  |        | X           |
| Institusjonar og viktige offentlege bygg    | Uheldige konsekvensar for institusjonar/offentlege bygningar?  |        | X           |
| Kulturminne                                 | Kan tiltaket medføra skade /risiko for kulturminne?  |        | X           |
| Drikkevatn og avløpsnett                    | Har tiltaket konsekvensar for drikkevasskjelder, inntak, leidningsnett for vatn og avløp?  | X      |             |
| El.- og telenett                            | Har tiltaket konsekvensar for el og telenett? forsyningstryggleik ?  |        | X           |
| Veg og trafikk anlegg. Ferjekaiar, tunnelar | Medfører tiltaket risiko for eks anlegg eller behov for tiltak?  |        | X           |
| Natur                                       | Naturvernområde, viktige område for friluftsliv/rekreasjon.  |        | X           |
| <b>Beredskap</b>                            |  |        |             |
| Politi/brann/ambulansse/lege                | Utløyser tiltaket behov for endra prosedyrar og mannskapsstyrke?   |        | X           |
| Sivilforsvar/Røde kors                      | Medfører tiltaket meiroppgåver for desse?  |        | X           |
| Vasstrykk/sløkkjevatn                       | Utløyser tiltaket behov for forsterka kapasitet?   |        | X           |
| <b>Samvirke av tiltak</b>                   | Er den samla effekten av fleire tiltak i heile planområdet eller i delområde vurdert?  | X      |             |

### 3. KONSEKVENSAAR AV PLANFRAMLEGGET

#### 3.1. SAMLA KONSEKVENSAAR

| TEMA                       | SAMLA KONSEKVENSAAR   |
|----------------------------|---|
| Naturmangfald              | Av 20 nye tiltak i KDP Oppstryn er berre 4 forventa å kunne redusere naturmangfaldet. Det gjeld fyrst og fremst gang- og sykkelvegbygging i strandsona til Oppstrynsvatnet, men små marginar i høve avbøtande tiltak. Oppsummert vet konsekvensen vurdert som <b>liten negativ</b> .  |
| Viltinteresser             | Gang og sykkelvegen ved Mindresunde vil gje store negative konsekvensar for viltet – spesielt fuglelivet, og strekninga frå Meland til Fosnes middels store negative konsekvensar. Oppsummert vil viltet verte negativt berørt av einskildtiltak frå <b>liten til middels</b> grad.   |
| Friluftsliv og folkehelse  | Tilrettelegging for gang- og sykkelvegar gjennom det meste av Strynedalen er eit svært stort positivt tiltak for folkehelsa. Vi kan ikkje påvise at noko tiltak vil ha meir enn liten negativ konsekvens for friluftslivet. Oppsummert vurderer vi konsekvensen som <b>stor positiv</b> konsekvens.   |
| Landskap                   | 2 av tiltaka har store negative konsekvensar for landskapet, med lite høve til avbøtande tiltak. 3 tiltak har middels negativ konsekvens. Totalt sett vert planframlegget vurdert til å ha <b>middels til liten negativ</b> konsekvens.   |
| Ureining og klimapåverknad | Tilrettelegging for auka gang og sykling, slik denne planen legg opp til i stor stil, vil ha forventa stor positiv konsekvens. Dette gjeld både i høve ureining av biltrafikk til luft, og verknaden i høve menneskeskapte klimaendringar. Tilrettelegging for bustadbygging som medfører meir transportbehov har også den motsette verknaden, men alt i alt veg dette ikkje opp dei positive verknadane. Oppsummert gjev alle tiltaka til saman ein <b>middels stor positiv</b> konsekvens.  |
| Landbruk                   | Planområdet er prega av mykje jordbruksareal i dei folkesette områda. I tillegg er store område rasutsette eller ligg innafor flaumsoner. Det inneber at forholdsvis mykje jordbruksareal vil bli nedbygt ved gjennomføring av planen. Vi har lagt vekt på å prøve å unngå jordbruksareal, men det har ikkje vore råd å kome utanom. Spesielt vil gang- og sykkelvegar gå ut over landbruksareal. Til bustadområde er det i liten grad foreslege bruk av særskildt verdifullt jordbruksareal eller areal innafor kjerneområde landbruk. Samla gjev tiltaka <b>middels til stor negativ konsekvens</b> for landbruk. |
| Kulturminne og kulturmiljø | Berre eitt tiltak; g-/s-vegen forbi Mindresunde, berører kulturminne på ein stor negativ måte. Fire andre tiltak berører kulturminne på ein middels stor negativ måte. Alt i alt gjev planen <b>liten til middels negativ konsekvens</b> i høve kulturminne.  |
| Transportbehov             | Nesten alle tiltak i planen medfører ingen eller store positive konsekvensar i høve transportbehov. Gang- og sykkelvegane er den positive bidragsytaren til å redusere transportbehovet med bil. Oppsummert gjev tiltaka <b>middels stor positiv konsekvens</b> i høve transportbehov.  |
| Trafikktryggleik           | Gang- og sykkelvegane som er planlagde vil vere ein solid bidragsytar til auka trafiksikkerheit gjennom heile dalen. Likevel medfører planen auka trafikkbelastning på ein del avkøyrslar som gjev stor til middels negativ konsekvens. Oppsummert gjev planframlegget <b>middels stor positiv konsekvens</b> .   |
| Støy                       | Planen inneheld 9 tiltak der bustader eller fritidsbustader i varierende grad vert berørt negativt av udokumentert vegtrafikkstøy. Eitt bustadfelt er   |

|                 |  |
|-----------------|--|
|                 | berørt av skytebanestøy, der støyskjerming er eit aktuelt tiltak. Oppsummert gjev tiltaka <b>middels negative konsekvensar</b> i høve støy.  |
| Fiskeinteressar | 19 av 20 tiltak gjev ein forventa konsekvens i høve fiskeinteressene som er liten negativ eller ikkje aktuell. Oppsummert gjev <b>dette liten negativ konsekvens</b> .   |
| Verna vassdrag  | Dei einaste tiltaka som medfører middels stor negativ konsekvens for verna vassdrag er bygging av gang- og sykkelveg. Desse tiltaka medfører ny utfylling, dels i vatnet, på ei strekning der det er gjort mange strandnære inngrep frå før. Oppsummert gjev framlegget til plan <b>liten til middels negativ konsekvens</b> for verna vassdrag. |

### 3.2. VURDERINGAR I HØVE NATURMANGFALDLOVA

Planframlegget er vurdert i høve Naturmangfaldlova §§ 8-12.

Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) fagleg vurdert av kommunalt tilsatte med bakgrunn i faget. Det er planlagt relativt få tiltak i denne oversiktsplanen for Oppstryn, og vi har ikkje funne grunn for å setje i verk ny kartlegging for å styrke kunnskapsgrunnlaget i nokon av dei 15 tiltaksområda.

Kunnskapsgrunnlaget er middels godt eller godt for dei fleste miljøaspekt vi har vald å vurdere i konsekvensutgreiinga. Når det gjeld naturmangfold er eit middels godt nivå for kunnskapsgrunnlaget ikkje godt nok i nasjonal samanheng. For friluftsliv derimot har vi gjennomført ei kartlegging i heile kommunen som held høg fagleg kvalitet. For viltinteressene er det gjennomført kartlegging i heile kommunen i to tidsfaser, men materialet er i ferd med å verte forelda. Vurderinga av kunnskapsgrunnlaget for viltinteressene er basert på data frå artsdatabanken, tidlegare kartlegging og egne registreringar av kommunalt tilsette.

Føre-var-prinsippet i § 9 trer inn der kunnskapsgrunnlaget er dårleg. Ikkje for nokon av dei 15 områda det er planlagt ny utbygging har vi funne grunnlag for at vi må gjennomføre nykartlegging. Ny kartlegging for fleire miljøverninteressar må gjennomførast for dei tre parsellane for ny gang- og sykkelveg langs Rv 15, men dette må uansett gjerast på detaljplannivå ved utarbeiding av reguleringsplan. Oversiktsplanen tek ikkje stilling til kva side av bilvegen gang- og sykkelvegen skal gå. Vi har ikkje grunnlag for å forvente vesentleg negative verknader på miljø- og samfunn av dei planendingar som er tilrådd i dei område der kunnskapsgrunnlaget er dårleg.

§ 10 i Naturmangfaldlova seier at planlagde inngrep skal vurderast i høve den samla belastninga på økosystemet. Ein fellesnemnar for alle tiltak, er at belastninga på økosystema i dei fleste områda vil skje på areal som frå før har inngrep. Overflatedyrka mark vert bebygd med bustadfelt der det frå før ligg spreidde bustader og gang- og sykkelveg vert bygd på eksisterande vegfyllingar langs eksisterande hovudveg. Trass i dette må konsekvensutgreiinga for detaljplanen for gang- og sykkelveg mellom Mindresunde og Folven ta ei vurdering av den samla belastninga på økosystemet i vassmiljøet i Oppstrynsvatnet. Her vil ganske store areal av dei sparsomt representerte gruntvassområda verte overfylt av masser. Dette vil ha konsekvensar både for fisk og fugl.

§ 11 i Naturmangfaldlova seier at «kostnadane med miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver». Prinsippet kjem ikkje til bruk i føreliggande plan.

§ 12 i Naturmangfaldlova *om miljøforsvarlege teknikkar*. Prinsippet kjem ikkje til bruk i føreliggande plan.